



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunestyresalen, Rådhuset Fitjar kommune
Dato:	14.09.2020
Tid:	11:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Bjørg Tislevoll
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 05.05.2020 - Fitjar kommune	2019/143	
PS 14/20	Arbeid med etikk i Fitjar kommune - orientering frå rådmannen	2020/175	
PS 15/20	Sosialhjelp i kommunen - orientering frå rådmannen	2014/71	
PS 16/20	Korleis drift og vedlikehald av offentlege bygg er organisert - orientering frå rådmannen	2014/71	
PS 17/20	Innkjøpsrutinar i kommunen og etterleving av reglane for offentleg anskaffingar - orientering frå rådmannen	2014/71	
PS 18/20	Orienteringssak vedrørande status for oppfølging etter forvaltningsrevisjon av IKT-tenester	2017/42	
PS 19/20	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 - Prosessmøte 2	2019/127	
PS 20/20	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Prosessmøte 2	2019/128	
PS 21/20	Budsjett 2021 for kontrollutvalet	2020/174	
PS 22/20	Ekstern revisor og ny konkurranse - fullmakt til kontrollutvalet	2014/34	
PS 23/20	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/138	
PS 24/20	Eventuelt	2020/64	
	Referatsaker		
RS 5/20	Etterlevelseskontroll 2019 - Fitjar kommune	2019/135	
RS 6/20	Kontrollrapport 2019 - Skatteoppkrevjar - Fitjar kommune	2016/54	
RS 7/20	Svar fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal på spørsmål om revisor kan delta digitalt på kontrollutvalgets møter uten at møtet dermed må defineres som et fjernmøte	2020/70	
RS 8/20	Svar fra departementet på spørsmål om evt. gjeninnføring av midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner og fylkeskommuner for å begrense spredning av Covid-19	2020/70	

Godkjenningssaker

GK 5/20 Godkjenning av innkalling og saksliste



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2019/143-6

Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	6/20	14.09.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 05.05.2020 - Fitjar kommune

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 05.05.2020 er lagt med som vedlegg i saka



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	, Fjernmøte (Teams-møte)
Dato:	05.05.2020
Tid:	10:00 - 12:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Bjørg Tislevoid	Leiar	H
Kjell Aleksander Skogsrud	Nestleiar	AP
Jostein Sandvik	Medlem	KRF
Gro Rydland	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Frank Solli	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Ingen av varamedlemmane kunne møta for Frank Solli.

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Olaug Haugen	Rådmann
John Karsten Raunholm	Fung.ass.rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Else Holst Larsen	Partner, Deloitte AS
Kjersti Gjuvsland	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Bjørg Tislevoid
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/20	Godkjenning av innkalling og saksliste		
GK 4/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 27.02.20	2019/143	
	Politiske saker		
PS 8/20	Årsrekneskap 2019 for Fitjar kommune - uttale frå kontrollutvalet	2019/135	
PS 9/20	Forvaltningsrevisjon av saksførebuing, byggesakshandsaming og vedtaksoppfølging	2018/84	
PS 10/20	Felles forvaltningsrevisjon gjeldande forum for oppvekst	2020/139	
PS 11/20	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Fitjar kommune	2020/140	
PS 12/20	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/138	
PS 13/20	Eventuelt	2020/64	

Godkjenningssaker

GK 3/20 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i 05.05.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og saksliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 4/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 27.02.20

Saksprotokoll i 05.05.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til protokoll frå møte 27.02.2020.

Vedtak

Protokoll frå møte 27.02.2020 vart godkjent.

Politiske saker

PS 8/20 Årsrekneskap 2019 for Fitjar kommune - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Fitjar kommune sin årsrekneskap for 2019.

Saksprotokoll i 05.05.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Rådmannen presenterte årsrekneskapet og årsmeldinga for Fitjar kommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Revisjonen (partner) presenterte revisjonsberetning og refererte til revisjonsbrevet. Det er levert ein rein revisjonsberetning.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Fitjar kommune sin årsrekneskap for 2019.

PS 9/20 Forvaltningsrevisjon av saksførebuing, byggesakshandsaming og vedtaksoppfølging

Forslag til innstilling

Kommunestyret ber rådmannen:

1. Sørge for at kommunen tar i bruk eit føremålstenleg felles system for registrering og oppfølging av vedtak og etablere retningslinjer og praksis for bruk av dette systemet
2. Sørge for at sentrale moment og konsekvensar for saksførebuing blir lagt inn i mal for saksførebuing, og etablere skriftlege sakshandsamingsrutinar som inneheld rettleiing til punkta som ligg i malen for saksførebuing
3. Sørge for at det blir ei meir jamleg rapportering av oversikt over status for vedtak til politisk nivå.
4. Tydeleggjere kva saker som skal handsamast under bolken «ymse» i dei politiske utvala og korleis dei eventuelt skal følgjast opp av rådmann.
5. Sikre at kommunen sine reglement for politiske møte blir etterlevd, og under dette at sakspapir blir sendt ut innan vedtatt frist.
6. Sørge for at det blir etablert føringar som kan bidra til å tydeleggjere korleis eldre planar skal tolkast i byggesakshandsaminga. Prioritere arbeid med å sikre eit tilstrekkeleg presist og oppdatert plangrunnlag å handsame byggesaker etter
7. Sørge for at rutinar og/eller sjekklister for byggesakshandsaming også inneheld punkt om å
 - a) undersøke tilsvarende saker som har vore handsama i kommunen.
 - b) konferere med alle relevante einingar eller funksjonar i kommunen.
8. Sørge for at rutinane for kvalitetssikring blir utbetra slik at det blir tydeleg i kva tilfelle leiar skal kvalitetssikre og i kva tilfelle sidemannskontroll er tilstrekkeleg.
9. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i 05.05.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor presenterte revisjonsrapporten og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Rådmannen orienterte om sitt syn på denne og viste til uttalen som er lagt ved revisjonsrapporten.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Kommunestyret ber rådmannen:

1. Sørge for at kommunen tar i bruk eit føremålstenleg felles system for registrering og oppfølging av vedtak og etablere retningslinjer og praksis for bruk av dette systemet
2. Sørge for at sentrale moment og konsekvensar for saksførebuing blir lagt inn i mal for saksførebuing, og etablere skriftlege sakshandsamingsrutinar som inneheld rettleiing til punkta som ligg i malen for saksførebuing
3. Sørge for at det blir ei meir jamleg rapportering av oversikt over status for vedtak til politisk nivå.
4. Tydeleggjere kva saker som skal handsamast under bolken «ymse» i dei politiske utvala og korleis dei eventuelt skal følgjast opp av rådmann.
5. Sikre at kommunen sine reglement for politiske møte blir etterlevd, og under dette at sakspapir blir sendt ut innan vedtatt frist.
6. Sørge for at det blir etablert føringar som kan bidra til å tydeleggjere korleis eldre planar skal tolkast i byggesakshandsaminga. Prioritere arbeid med å sikre eit tilstrekkeleg presist og oppdatert plangrunnlag å handsame byggesaker etter.
7. Sørge for at rutinar og/eller sjekklister for byggesakshandsaming også inneheld punkt om å
 - c) undersøke tilsvarende saker som har vore handsama i kommunen.
 - d) konferere med alle relevante einingar eller funksjonar i kommunen.
8. Sørge for at rutinane for kvalitetssikring blir utbetra slik at det blir tydeleg i kva tilfelle leiar skal kvalitetssikre og i kva tilfelle sidemannskontroll er tilstrekkeleg.
9. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 10/20 Felles forvaltningsrevisjon gjeldande forum for oppvekst

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Fitjar kommune vil delta i forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)
2. Kontrollutvalet i Fitjar kommune godkjenner ein andel på kr. 33.421 basert på kostnadsdeling blant 6 kommunar, der fastpris utgjer halvparten og innbyggartal halvparten av samla kostnader. I tillegg kan det bli kommunevise utgifter til møte og presentasjon av rapporten.
3. Kontrollutvalet tar utgangspunkt i prosjektplanen frå KPMG, og har elles slike innspel til problemstillingar som bør undersøkast.....

Saksprotokoll i 05.05.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Sekretær presenterte kort saka og invitasjonen om å delta på felles forvaltningsrevisjon.

Vedtaks punkt 3 vart endra til «Kontrollutvalet tar utgangspunkt i prosjektplanen frå KPMG».

Forslag til vedtak, med endring i punkt 3, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet i Fitjar kommune vil delta i forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)
2. Kontrollutvalet i Fitjar kommune godkjenner ein andel på kr. 33.421 basert på kostnadsdeling blant 6 kommunar, der fastpris utgjer halvparten og innbyggartal halvparten av samla kostnader. I tillegg kan det bli kommunevise utgifter til møte og presentasjon av rapporten.
3. Kontrollutvalet tar utgangspunkt i prosjektplanen frå KPMG.

PS 11/20 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Fitjar kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Else Holst-Larsen om Deloitte AS er uavhengig i høve Fitjar kommune, til etterretning.

Saksprotokoll i 05.05.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Partner Else Holst-Larsen frå Deloitte AS redegjorde kort for sin uavhengigheit i høve Fitjar kommune for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet hadde ikkje merknader til denne orienteringa frå revisor.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Else Holst-Larsen om Deloitte AS er uavhengig i høve Fitjar kommune, til etterretning.

PS 12/20 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll i 05.05.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt i denne saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

PS 13/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i 05.05.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet ønskjer ei orientering frå rådmannen med utgangspunkt i desse tre spørsmåla til møte i kontrollutvalet 10.09.2020:

- 1) Orientering frå rådmannen gjeldande korleis det står til med sosialhjelp i kommunen. Og kva gjer kommunen for å hjelpa folk ut av situasjonen, til dømes aktivitetsplikt ?
- 2) Orientering frå rådmannen, korleis er drift og vedlikehald av offentlege bygg organisert
- 3) Orientering frå rådmannen om innkjøpsrutinar i kommunen og etterleving av reglane for offentlege anskaffingar.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem til møte 10.09.2020 og orienterer om:
 - a) Korleis står det til med sosialhjelp i kommunen, og kva gjer kommunen for å hjelpa folk ut av situasjonen, til dømes aktivitetsplikt?
 - b) Korleis er drift og vedlikehald av offentlege bygg organisert?
 - c) Innkjøpsrutinar i kommunen og etterleving av reglane for offentleg anskaffingar?



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2020/175-1
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	14/20	14.09.2020

Arbeid med etikk i Fitjar kommune - orientering frå rådmannen

Forslag til innstilling

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

Samandrag

Det er bestilt ei årleg orientering om dette frå kontrollutvalet. Orientering frå rådmannen om det etiske arbeidet i kommunen vart sist handsama i kontrollutvalet 21.02.2019. Ut i frå det som kjem fram av informasjon i saka må kontrollutvalet diskutere seg fram til kva ein skal gjere vidare med saka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har hatt denne saka som fast sak kvart år, sist 21.02.2019, der kontrollutvalet vedtok å ta informasjonen til orientering.

Det er sendt epost til rådmannen om døme på opplysningar ein kan orientere om:

- *Kva er gjort på området med etikk-arbeid siste året ?*
- *Korleis er arbeid med etikk følgd opp sentralt i kommunen, og korleis er det følgd opp i einingane ?*
- *Er det gjennomført case-øvingar om etikk-spørsmål, eller om situasjonar der ein kan møte spørsmålstillingar vedr. antikorrupsjon ?*
- *Er det halde kurs eller har nokon frå kommunen delteke på seminar / kurs om temaet ?*
- *Kva er planlagt å gjera innanfor etikk-arbeid i tida framover ?*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. Kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Utvalet vil motta informasjon og kan stilla spørsmål. Så kan ein undervegs vurdere om ein vil ta informasjonen til orientering eller be om noko anna.

Konklusjon

Ut i frå det som kjem fram av informasjon i saka må kontrollutvalet diskutere seg fram til kva ein skal gjere vidare med saka.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2014/71-36
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	15/20	14.09.2020

Sosialhjelp i kommunen - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Samandrag

Saka vart diskutert i møte 05.05.2020 i PS 13/20 Eventuelt. Sekretariatet tilrår at saka vert teken til orientering, med mindre det kjem fram noko spesielt i saka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet fatta mellom anna slikt vedtak i PS 13/20 Eventuelt i møte 05.05.2020.

«Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem til møte.....og orienterer om...korleis det står til med sosialhjelp i kommunen, og kva gjer kommunen for å hjelpa folk ut av situasjonen, til dømes aktivitetsplikt ?»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der kontrollutvalet vil innhente informasjon, jf. Kommuneleva § 23-2.

Vurderingar og verknader

Utvalet vil motta informasjon og kan stilla spørsmål. Så kan ein undervegs vurdere om ein vil ta informasjonen til orientering eller be om noko anna.

Konklusjon

Ut frå det som kjem fram av informasjon i orienteringar frå rådmannen vert det tilrådd at kontrollutvalet gjer eit vedtak i saka, til dømes ved å ta informasjonen til orientering.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2014/71-37
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	16/20	14.09.2020

Korleis drift og vedlikehald av offentlege bygg er organisert - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Samandrag

Saka vart diskutert i møte 05.05.2020 i PS 13/20 Eventuelt. Sekretariatet tilrår at saka vert teken til orientering, med mindre det kjem fram noko spesielt i saka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet fatta mellom anna slikt vedtak i PS 13/20 Eventuelt i møte 05.05.2020.

«Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem til møte.....og orienterer om...korleis er drift og vedlikehald av offentlege bygg organisert..»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der kontrollutvalet vil innhente informasjon, jf. Kommuneleva § 23-2.

Vurderingar og verknader

Utvalet vil motta informasjon og kan stilla spørsmål. Så kan ein undervegs vurdere om ein vil ta informasjonen til orientering eller be om noko anna.

Konklusjon

Ut frå det som kjem fram av informasjon i orienteringa frå rådmannen, vert det tilrådd at kontrollutvalet gjer eit vedtak i saka, til dømes ved å ta informasjonen til orientering.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2014/71-38
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	17/20	14.09.2020

Innkjøpsrutinar i kommunen og etterleving av reglane for offentleg anskaffingar - orientering frå rådmannen

Forslag til innstilling

Informasjonen vert teken til orientering.

Samandrag

Saka vart diskutert i møte 05.05.2020 i PS 13/20 Eventuelt. Sekretariatet tilrår at saka vert teken til orientering, med mindre det kjem fram noko spesielt i saka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
Spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet fatta mellom anna slikt vedtak i PS 13/20 Eventuelt i møte 05.05.2020.

«Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem til møte.....og orienterer om....innkjøpsrutinar i kommunen og etterleving av reglane for offentlege anskaffingar..»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der kontrollutvalet vil innhente informasjon, jf. Kommuneleva § 23-2.

Vurderingar og verknader

Utvalet vil motta informasjon og kan stilla spørsmål. Så kan ein undervegs vurdere om ein vil ta informasjonen til orientering eller be om noko anna.

Konklusjon

Ut frå det som kjem fram av informasjon i orienteringa frå rådmannen vert det tilrådd at kontrollutvalet gjer eit vedtak i saka, til dømes ved å ta informasjonen til orientering.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2017/42-31
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	18/20	14.09.2020

Orienteringssak vedrørende status for oppfølging etter forvaltningsrevisjon av IKT-tenester

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Kontrollutvalet har ved fleire høve hatt dette oppfølgingsarbeidet til handsaming, sist i møte 12.12.2019. Utvalet må ut i frå den informasjonen som kjem fram i møte diskutere seg fram til om ein ønskjer ny orientering eller vel å lukke saka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Rapport etter forvaltningsrevisjon av IKT-tenester blei vedteke i kommunestyret 25.04.18. Det blei fatta slikt vedtak:

«Med bakgrunn i rapport etter forvaltningsrevisjon av IKT-tenester i Fitjar kommune, ber kommunestyret rådmann syta for:

- 1. Å utarbeide mål og strategi for styring av IKT-tenesta.**
- 2. Å formalisere rolla og ansvaret til IKT-tenesta.**
- 3. Å formalisere og ev. etablere beredskapsrutinar for både den generelle brukarstøtta og for brukarstøtte til dei ulike fagsystema som er i bruk i kommunen.**
- 4. Å sikre at kommunen får gjennomført naudsynte tiltak som gjeld ny personvernlovgiving snarast råd.**
- 5. Å etablere system for gjennomføring av risikovurderingar og fastsetjing av akseptkriterium knytt til drifstryggleik.**
- 6. Å oppdatere og ferdigstille styringssystemet for informasjonstryggleik slik at dette oppfyller alle krava i regelverket, og som del av dette:**
 - a) etablere eit system som sikrar at kommunen har fullstendig og ajourført oversikt over kva personopplysningar som vert handsama**
 - b) sikre at det vert gjennomført risikovurderingar av IT-system og behandlingar av personopplysningar opp mot fastsette akseptkriterium for informasjonstryggleik**
 - c) gjennomføre tilstrekkeleg kontroll og etterprøving av informasjonstryggleiken i kommunen sine system.**
- 7. Å utarbeide tilstrekkeleg med informasjon om informasjonstryggleik til dei tilsette, og sikre at dei tilsette får den naudsynte opplæringa for å kunne ivareta informasjonstryggleiken på ein tilfredsstillande måte.**

Kontrollutvalet har ved fleire høve hatt orientering om dette oppfølgingsarbeidet, siste gang i møte 12.12.2019, der dette mellom anna vart protokollert:

«Kontrollutvalet takkar for informasjon om det oppfølgingsarbeidet som har vore. Då det gjenstår litt arbeid, ber utvalet om ny orientering i siste utvalsmøte før sommarferien 2020»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Rådmannen har stadfesta at ho kjem til dette møtet og orienterer om saka. Utvalet vil motta informasjon og kan stilla spørsmål. Så kan ein undervegs vurdere om ein vil ta informasjonen til orientering eller om ein ønskjer ei ny orientering.

Konklusjon

Ut frå informasjonen som vert gjeve bør kontrollutvalet drøfta vidare arbeid med å følgja opp korleis det vert arbeidd med tiltak etter forvaltningsrevisjon av IKT-tenester. Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak, då det naturleg nok ikkje er kjent på førehand kva informasjon som vert gjeven i møtet.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/127-6
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	19/20	14.09.2020

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 - Prosessmøte 2

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet. Møtedato vert bestemt i dette møte.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å gjera greie for neste trinn i kontrollutvalet sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) som skal ligge til grunn for plan for forvaltningsrevisjon for denne perioden. Kontrollutvalet skal i møtet gjennomføre si endelege prioritering til plan for forvaltningsrevisjon. Innstilling i høve plan for forvaltningsrevisjon skal så handsamast i neste møte i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Risiko og vesentlegvurderingar - Fitjar kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 44/19 i møte 19.12.2019:

«Vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderinger av verksemda i Fitjar kommune og verksemda i kommunen sine selskap, samt utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.*
2. *Forslag til prosjektplan av november 2019, ligg til grunn.*
3. *Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2020 og at prosessmøte 2 vert gjennomført i andre møte i kontrollutvalet i 2020*
4. *Det er ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 skal leggjast fram for kommunestyret i mai eller juni møtet.»*

Det vart gjennomført prosessmøte 1 i møte 27.02.2020 PS 2/20, der dette vart vedteke:

«Vedtak

Kontrollutvalet tar, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentligheitsvurderinga (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon så langt til orientering.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 ligg føre, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til kommunestyret, som vedtar planen, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

I dette møtet har Deloitte lagt opp til å gjennomføre «Prosessmøte 2» som i den godkjende prosjektplanen vert omtala slik:

«Føremålet med det andre prosessmøtet er at kontrollutvalet skal gjennomføre si endelege prioritering til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Som eit grunnlag for diskusjonen i møtet vil analysedokumenta bli ferdiggjort og lagt fram for kontrollutvalet i god tid før møtet. I dokumenta vil alle data som er samla inn bli presentert i ei risikovurdering, inkludert dei data som blei samla inn frå kontrollutvalet i prosessmøte 1. På bakgrunn av risikoanalysen vil det gå fram kva område det er knytt størst risiko til. Det er kontrollutvalet som i prosessmøtet skal prioritere og vurdere dei ulike risikoområda og avgjere kva område og selskap som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon, og»

På bakgrunn av det som går fram over ligg analysedokument frå Deloitte ved som vedlegg til denne saka. Dette vil danne utgangspunktet for diskusjonen i prosessmøte 2 som vert leia av Deloitte. Det er både naturleg og praktisk at dette prosessmøtet vert gjennomført rett før og/eller parallelt med arbeidet som skal gjennomførast innan analyse og plan for eigarskapskontroll, jf. anna sak til dette møtet.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet, på bakgrunn av prosessmøte 2, tek forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevisjon så langt til orientering. Sak om endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal handsamast i møte i kontrollutvalet i oktober.



Opplysningar som kjem fram i dokumentet er i hovudsak ikkje verifisert, og kan ikkje nyttast som faktagrunnlag utan ytterlegare undersøkingar

Fitjar kommune

Risiko- og vesentlegvurderingar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

August 2020

«Risiko- og vesentlegvurdering for
forvaltningsrevisjon og
eigarskapskontroll»

August 2020

Rapporten er utarbeidd for Fitjar
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1.	Innleiing	5
2.	Organisering og nøkkeltal	8
3.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga	11
4.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap	23
5.	Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde	32
6.	Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn	34
7.	Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar	35

Detaljert innhaldsliste

1.	Innleiing	5
1.1	Bakgrunn	5
1.2	Forvaltningsrevisjon	5
1.3	Eigarskapskontroll	5
1.4	Forskjell mellom forvaltningsrevisjon i selskap og eigarskapskontroll	6
1.5	Metode og gjennomføring	6
1.6	Lesarrettleiing	7
2.	Organisering og nøkkeltal	8
2.1	Organisering	8
2.2	Finansielle nøkkeltal	8
2.3	Befolkningsutvikling	9
2.4	Kommunen sine eigarskap	10
3.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga	11
3.1	Sektorovergripande funksjonar	12
3.2	Oppvekst- og kultur	15
3.3	Plan og teknisk drift	18
3.4	Helse, sosial og omsorg	20
4.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap	23
4.1	Selskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10	24
4.2	Selskap som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10	26
4.3	Føretak, samarbeid og foreiningar	30
5.	Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde	32
6.	Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn	34
6.1	Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskaps-/eigarskapskontrollar	34
6.2	Tilsyn	34
7.	Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar	35
7.1	Forvaltningsrevisjon	35
7.2	Eigarskapskontroll	37

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

I samsvar med prosjektplanar vedteke av kontrollutvalet i møte 12. desember 2019 i sakene PS 44/19 og PS 45/19 har Deloitte gjennomført risiko- og vesentlegvurderingar (ROV-vurderingar) av Fitjar kommune si verksemd og i selskapa der Fitjar kommune har eigarinteresser. Føremålet med ROV-vurderingane har vore å skaffe relevant informasjon om dei delane av verksemda i kommunen og selskapa der kommunen har eigarinteresser, som det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll.

ROV-vurderingane er systematiserte og framstilte i dette analysedokumentet. Dokumentet dannar grunnlag for kontrollutvalet sitt arbeid med planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for 2020-2024. Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide slike planar. Planane skal vedtakast av kommunestyret.

I arbeidet med ROV-vurderingane og utarbeidinga av analysedokumentet har det blitt gjennomført møte med kontrollutvalet, dokumentgjennomgang, intervju og spørjeundersøking (sjå seksjon 1.5).

Analysen er av overordna karakter og i stor grad basert på innspel som har kome fram gjennom møte i kontrollutvalet, intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av relevant dokumentasjon. Datagrunnlaget er i avgrensa grad verifisert. Datagrunnlaget er i analysedokumentet nytta som indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan følgjast opp/undersøkjast i forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller gjennom andre undersøkingar dersom kontrollutvalet og kommunestyret ønskjer dette.

1.2 Forvaltningsrevisjon

I kommunelova § 23-3 går det fram at forvaltningsrevisjon inneber å gjere systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målinnfriing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Same lov § 23-2 bokstav c), pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst éin gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

Det er vidare eit krav at plan om forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering (ROV-vurdering):

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper.

Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen og i selskapa der kommunen har eigarinteresser, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Det er kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

1.3 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ei oppgåve som er lagt til kontrollutvalet etter kommunelova § 23-2 bokstav d), og er nærare skildra i kommunelova § 23-4. Der går det fram at eigarskapskontroll inneber å kontrollere om forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser blir skjøtta i samsvar med regelverk, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

Som med plan for forvaltningsrevisjon, skal også plan for eigarskapskontroll vere basert på ei ROV-vurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap.

Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om kor det er størst behov for eigarskapskontroll, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for eigarskapskontroll og å prioritere kva eigarskapskontrollar det kan vere aktuelt å gjennomføre.

Det er kommunestyret som vedtek plan for eigarskapskontroll. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

1.4 Forskjell mellom forvaltningsrevisjon i selskap og eigarskapskontroll

Ny kommunelov skil mellom forvaltningsrevisjon av selskap som inngår i ordinær forvaltningsrevisjon, og eigarskapskontroll. Fokuset i ein **eigarskapskontroll** er på korleis kommunen forvaltar eigarskapa sine, anten enkeltvis eller som portefølje. Kriteria vi legg til grunn er mellom anna regelverk knytt til ulike typar selskap (til dømes kommunelov, aksjelov, lov om interkommunale selskap), KS sine retningslinjer for kommunal eigarstyring, kommunale eigarskapsmeldingar/eigarstrategiar og andre mål, vedtak og retningslinjer. Fokuset i ein **forvaltningsrevisjon av selskap** er på sjølve selskapet, og vil t.d. omhandle om selskapet driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, og om det driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

1.5 Metode og gjennomføring

I prosessen med ROV-vurderingar har vi nytta ein metodikk med høg grad av involvering, både av kontrollutvalet og av sentrale aktørar i administrasjonen og i kommunestyret. Ei slik tilnærming har bidrege til at vi har avdekkja kva forvaltningsområde, tenesteområde, selskap og eigarskap det er knytt størst risiko til. I tillegg har høg grad av involvering bidrege til å forankre planarbeidet og gjere det kjent både i kommunestyret og i administrasjonen. Dette vil skape eit godt grunnlag for gjennomføring av prosjekta som blir prioritert i planane.

1.5.1 Prosessmøte 1 med kontrollutvalet

I det første prosessmøtet fekk kontrollutvalet høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapa der kommunen har eigarinteresser, basert på eiga erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet.

1.5.2 Dokumentanalyse

Dokumentanalysen tok utgangspunkt i planar, meldingar og rapportar frå kommunen. Vi har òg undersøkt kva tilsyn som er gjennomført og eventuelt planlagt i kommunen. Desse har samla gitt eit oversyn over kommunen sine mål og strategiar, samt bidrege til å avdekkje område med risiko eller behov for forbetring.

1.5.3 Analyse av statistikk

Vi har gjennomgått KOSTRA-tal, tal frå kommunebarometeret og anna relevant statistikk som ligg føre for å undersøke om det er område der kommunen skil seg frå kommunar det er relevant å samanlikne seg med. Samanlikningane kan gje indikasjonar på risikoområde som det kan vere relevant å undersøke nærare.

1.5.4 Intervju

Vi har gjort intervju med både politiske og administrative leiarar i kommunen. Frå administrasjonen har vi intervjuja rådmann, assisterande rådmann, økonomisjef, avdelingsleiar for plan og utvikling, etatssjef for oppvekst og helse- og sosialsjef. Frå politisk nivå har vi intervjuja ordførar, varaordførar og to utvalsleiarar. Totalt har vi intervjuja 10 personar. Intervjua blei gjennomført per telefon eller Microsoft Teams.

1.5.5 Elektronisk spørjeundersøking

Administrative leiarar og heile kommunestyret har vore involvert i ROV-vurderingane gjennom ei undersøking i Questback (elektronisk spørjeundersøkingsverktøy). I spørjeundersøkinga blei desse bedne om å peike på potensielle risikoar innanfor det tenesteområdet dei har ansvar for eller kjenner til, samt risikoområde knytt til selskap kommunen eig. Seks av 15 inviterte folkevalde svarte på spørjeundersøkinga (responsrate 40 %), medan 11 av 22 leiarar (50 %) svarte. Totalt svarte 17 av 37 inviterte respondentar. Dette gir ein total responsrate på om lag 46 %.

1.5.6 Gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase

Deloitte har nytta Bisnode SmartCheck for å få tilgang til rekneskapsopplysningar og informasjon om eigarskap og eigarskapsstruktur. Denne informasjonen er nytta både for å få oversyn over alle aktuelle selskap som skal omfattast av ROV-vurderingane, og for å avdekkje eventuelle risikoar gjennom dei føreliggjande finansielle nøkkeltala.¹

1.5.7 Prosessmøte 2 med kontrollutvalet

I dette møtet legg revisjonen fram ROV-vurderingane (dette dokumentet) med dei risikovurderingane som er gjennomførte for kontrollutvalet. ROV-vurderingane og forslag til prosjekt vil i dette møtet bli lagt til grunn når kontrollutvalet skal prioritere område eller prosjekt for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for dei neste fire åra.

1.5.8 Vedtak av plandokument

Basert på dei prioriteringane som kontrollutvalet gjer i prosessmøte 2, vil det bli utarbeidd eit plandokument. Dette dokumentet blir vedtatt av kontrollutvalet før det blir sendt vidare til kommunestyret for endeleg vedtak.

1.6 Lesarrettleiing

Innspela som er samla inn i samband med den ROV-vurderinga er systematiserte og framstilte i dette dokumentet. Dokumentet er meint som eit grunnlag for kontrollutvalet for å velje ut og prioritere forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar.

I kapittel 2 gir vi ei kort oversikt over organiseringa av og nøkkeltala for kommunen.

Kapittel 3 og 4 omhandlar forvaltningsrevisjon. Her presenterer vi oversikt over identifiserte risikoområde innan dei ulike verksemdsområda og eigarskapa til kommunen som er eit resultat av undersøkinga vi har gjort i samband med analysearbeidet. Risikovurderingane og forslag til prosjekt er basert på ein overordna gjennomgang av kommunen sine tenesteområde og dei selskap kommunen har eigarskap i.

I kapittel 5 presenterer vi dei risikovurderingane vi har gjort for kommunen når det gjeld eigarskapskontroll.

Kapittel 6 inneheld oversikt over tidlegare gjennomførte og pågåande forvaltningsrevisjonar, selskapskontrollar, eigarskapskontrollar, samt oversikt over gjennomførte og planlagde tilsyn.

I kapittel 7 viser vi forslaga våre til moglege forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar basert på dei risikovurderingane som er gjennomførte. Forslaga til prosjekt er ikkje presentert i prioritert rekkefølge. Prioritering og val av prosjekt skal kontrollutvalet gjere. Kontrollutvalet står også fritt til å leggje til og/eller ta bort prosjekt i lista som her er presentert. Endeleg prioritering av prosjekt blir framstilt i plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 og plan for eigarskapskontroll 2020-2024, som skal leggjast fram for kommunestyret.

¹ Ikkje alle interkommunale selskap (IKS) er underlagt innleveringsplikt til Brønnøysundregisteret. Det førekjem også at slike selskap ikkje leverer årsrekneskap til Brønnøysundregisteret. I desse tilfella har ikkje revisjonen tilgang på nøkkeltal. Slike manglande data vil bli opplyst om der det er relevant.


2. Organisering og nøkkeltal

2.1 Organisering

Figur 1 viser ein forenkla versjon av Fitjar sin administrative organisering. Rådmann er øvste leiar i kommunen. Rådmannen sin leiargruppa (strategisk leiargruppe) består av etatssjef for helse, sosial og omsorg, etatssjef for oppvekst og kultur, etatssjef for plan- og teknisk, økonomisjef med ansvar for økonomiavdelinga og assisterande rådmann (som har ansvar for personal, IT og kundetorget).

Etat for plan og teknisk drift består av avdeling for plan- og utvikling, landbruk- og miljø og teknisk. Helse, sosial og omsorg omfattar heimetenester og FBB (Fitjar bu- og behandlingstenester), habilitering, helsespesialistar og NAV. Oppvekst og kultur består av tre skular, ein kommunal barnehage, kulturskulen, avdeling for kultur og helsestasjon.

Figur 1: Organisasjonskart



2.2 Finansielle nøkkeltal

Netto driftsresultat er ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, jf. berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Netto driftsresultat viser kor mykje som kan disponerast til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. TBU tilrår at netto driftsresultat for kommunane er på 1,75 %.

Fitjar kommune hadde eit netto driftsresultat på 6 millionar i 2019. Dette er 2 % av driftsresultatet, altså over det tilrådde nivået frå TBU. For 2020 er det budsjettert med eit netto driftsresultat på omlag 4,8 millionar. Målet for økonomiplanen 2020-2023 er å ha eit driftsresultat på minst 1 % av driftsinntektene, altså under det tilrådde nivået frå TBU.

Tal frå KOSTRA viser at Fitjar kommune hadde eit **disposisjonsfond** på 12,1 % av brutto driftsinntekter i 2019. Dette er høgare enn kommunegruppa (11,5 %). Riksrevisjonen tilrår eit disposisjonsfond på minst 5 %. Størrelsen på disposisjonsfondet viser at kommunen i dag har eit ganske stort handlingsrom i økonomien. Samtidig har kommunen budsjettert med å setje av om lag 5,8 millionar på disposisjonsfondet i 2020.

Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter har i Fitjar kommune auka dei seinare åra, frå 98,6 % i 2017, 101,8 % i 2018 til 106,7 % i 2019. Dette er godt over Riksrevisjonen sitt anbefalte nivå (75 %). I budsjett og økonomiplan for 2020-2023 går det fram at lånegjelda vil auke i planperioden.

Tabellen under viser **løyvingar til dei ulike tenesteområda** i Fitjar kommune i 2018, 2019 og 2020. Merk at tala frå 2018 er rekneskapstal, medan tala for 2019 og 2020 er løyvingar i budsjetta. Tala i parentes viser løyvingar til tenesteområda i prosent av det totale driftsbudsjettet til kommunen.

Tabell 1: Løyvingar til ulike tenesteområde²

Tenesteområde	R 2018	B 2019	B 2020
Helse, sosial og omsorg	92 380 (46 %)	96 738 (45,5 %)	97 925 (45 %)
Oppvekst og kultur	75 520 (37,6 %)	79 340 (38,3 %)	80 783 (37,18%)
Plan, utvikling og teknisk	23 602 (11,8 %)	23 391 (11 %)	22 881 (10,5 %)
Politisk leining	3 001 (1,49 %)	6 766 (3,18 %)	6 467 (2,98 %)
Administrasjon	13 094 (6,5 %)	12 472 (5,86 %)	11 830 (5,44 %)
Økonomisk forvaltning ³	-6 786 (-3,8 %)	-5 965 (-2,8 %)	-2 598 (-1,20 %)
Sum fordelt totalt til drift	200 811 (100 %)	212 742 (100 %)	217 288 (100 %)

Tabell 1 viser at tenesteområde helse, sosial og omsorg er den største budsjettposten til Fitjar kommune (nesten halve budsjettet), medan oppvekst og kultur er den nest største budsjettposten (over ein tredel).

2.3 Befolkningsutvikling

Befolkningsutviklinga i kommunen er relevant å omtale av fleire årsaker. For det første er innbyggjartilskot ein del av inntektssystemet til kommunane. Vidare må dei kommunale tenestene tilpassast demografiske endringar. Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar (talet på innbyggjarar per 1. juli) til alle kommunane. Deretter skjer det ei omfordeling på bakgrunn av fleire faktorar.⁴ For 2020 er innbyggjartilskotet før omfordeling 25 083 kroner per innbyggjar.

Per 31. mars 2020 var det 3 173 innbyggjarar i Fitjar, ned 16 innbyggjarar frå 01. januar 2020. Tabell 2 viser korleis befolkninga i Fitjar i 2019 fordelar seg på ulike aldersgrupper samanlikne med heile landet:

Tabell 2: Aldersprofil, Fitjar kommune 2019⁵

Aldersgruppe	Fitjar	Norge
0-5 år	7,18 %	6,54 %
6-15 år	13,92 %	11,97 %
16-66 år	63,09 %	66,07 %
67 år og eldre	15,8 %	15,41 %

I budsjettet for 2020 kjem det fram at Fitjar kommune blir fleire over 67 år dei neste åra. I første omgang vil auken vere i aldersgruppa 67-79 år, noko man vil merke allereie i økonomiplanperioden. Frå 2027 vil talet på eldre i alderen 80-89 også auka betrakteleg. I aldersgruppene 6-12 (i dag om lag 300 personar) og 13-15 (om lag 150 personar) vil talet holde seg relativt stabilt eller falle litt i økonomiplanperioden og

² Tala henta frå bevilgningsoversikt – drift 2020 i kommunen sitt vedtatt budsjett og økonomiplan for 2020-2023.

³ I hovudsak tre element: rentekompensasjonsordninga, integreringstilskot og utgifter til administrasjon av eigedomsskatten.

⁴ Størsteparten av kommunane sine rammetilskot blir fordelt med utgangspunkt med eit likt beløp per innbyggjar. Utgiftsutjamninga skjer ved hjelp av ein kostnadsnøkkel som sørgjer for at denne delen av rammetilskotet blir fordelt frå kommunar som er rimelegare å drive enn landsgjennomsnittet, til kommunar som er dyrare å drive enn landsgjennomsnittet. Kostnadsnøkkelens består av ei rekke kriterium, mellom anna talet på barn i skulepliktig alder, talet på eldre, reiseavstand i kommunen mv.

⁵ Tala er henta frå SSB.

dei påfølgjande åra. I budsjettet for 2020 går det fram at etterspurnaden etter barnehageplass vil vere som i dag eller litt lågare dei komande åra, dersom dei noverande fødselstala held fram. 91 % av barn mellom 1 og 5 år har barnehageplass i Fitjar.

2.4 Kommunen sine eigarskap

Fitjar kommune har eigarinteresser i seks selskap saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar, og i ni selskap med innslag av private eller statlege aktørar på eigarsida. Kommunen sine eigarskap vil bli nærare omtalt i kapittel 4. Eigarskapa går fram i tabellen under:

Tabell 3: Eigarskap

Selskap	Bransje	Selskapsform	Eigardel
Eigedomsselskapet gamle Fitjar tinghus AS	Utleige av eigedom	AS	80 %
Fitjar kultur og idrettsbygg AS	Utleige av kultur- og idrettsbygg	AS	79,37 %
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	Offentleg administrasjon	IKS	12,5 %
Sunnhordland interkommunale legevakt IKS	Legeteneste	IKS	9,2 %
Atheno AS	Bedriftsrådgjeving	AS	3,91 %
Opero AS	Arbeidstreningsbedrift	AS	6,04 %
Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS	Renovasjon	IKS	5,93 %
Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	Arkiv	IKS	2,78 %
Krisesenter vest IKS	Omsorgsinstitusjon	IKS	1,79 %
Vann vest AS	Vann- og avlaupsverksemd	AS	5,556 %
Fitjar Kraftlag	Distribuere elektrisitet	Samvirkeføretak	371 partar
Biblioteksentralen SA	Bøker, aviser og blader	Samvirkeføretak	1 lut
Fitjar fjellsameige	Eigedomsforvaltning	Tingrettsleg sameige	1,073 %
Vestbo BBL	Eigedomsforvaltning	Boligbyggelag	5 lutar
Hordfast AS	Ferjeavløysingsprosjekt	AS	3,37 %



Kommunale føretak og vertskommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon, og er derfor omfatta av ROV-vurderingane knytt til dette. Stiftingar og foreiningar er ikkje omfatta av regelverket om eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon av selskap, og er difor ikkje omtala i denne delen av ROV-vurderinga. Både kommunale føretak, vertskommunesamarbeid, stiftingar og foreiningar er lista opp i seksjon 4.3, og eventuelt drøfta i ROV-vurderinga om dette er vurdert som relevant.

3. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, vil vi i dette kapittelet vurdere risiko for manglande målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging og internkontroll som er identifisert innan dei verksemdsområda som er gjennomgått i Fitjar kommune.

Overskriftene i kapittel 3.1-3.4 følgjer den administrative organiseringa i Fitjar kommune.

Risikonivå er i tabellane farga med raudt som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

Fargesymbol	Skildring av risikovurdering
	Høg risiko På område som er merka med raudt meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for anten manglande produktivitet, målinnfriing, regeletterleving eller effektivitet.
	Middels risiko På område som er merka med gult meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for anten manglande produktivitet, målinnfriing, regeletterleving eller effektivitet.

I tabellane under vil vi under kvar sektor omtale utvalde område og tema. Dette er område og tema som blir framheva i dei data som revisjonen har analysert. Det betyr at område der det ikkje eksplisitt er identifisert risiko ikkje er omtala.

Det blir kommentert dersom det er planlagt tilsyn eller gjennomført forvaltningsrevisjonar eller tilsyn dei siste åra innanfor dei områda og temaa som er omtala.

Under kvart område identifiserer vi dei hovudtema analysen viser at det er knytt risiko til. Dette vil vere naturlege moment som takast med i ein eventuell forvaltningsrevisjon.




Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønsmessige, og at vurderingane er baserte på tilgjengeleg informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er føreslått her. Det er derfor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvaltningsrevisjonsprosjekt i dei planane som blir lagt fram for kommunestyret.




Vi tar atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i kommunen.





3.1 Sektorovergripande funksjonar

Sektorovergripande funksjonar/stab i Fitjar kommune består av avdelingar for IT, økonomi, kundetorg, personal og innkjøp. Assisterande rådmann er leiar for personalavdelinga, som har ansvar for mellom anna HMS og organisasjonsutvikling. Innkjøpsavdelinga er eit interkommunalt samarbeid med fleire kommunar i Sunnhordland, med Stord kommune som vertskommune. Fitjar kommune er òg med i ei rekkje andre interkommunale samarbeid.

Tabell 4: Identifiserte risikoområde knytt til sektorovergripande funksjonar

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Bemanning, personal og sjukefråvær <ul style="list-style-type: none"> Sjukefråvær Rekruttering 	<p>I budsjettet for 2020 blir det opplyst at sjukefråværet gjekk frå 5,3 % til 7,5 % mellom 2015 og 2018. I årsmeldinga for 2019 kjem det fram at sjukefråværet var 7,1 %, som er ein liten nedgang frå 2018. Likevel er det eit stykke unna kommunen sitt mål om eit sjukefråvær på 6 %. 10 av 22 einingar har over 6 % sjukefråvær. Det høgaste sjukefråværet er i helse og omsorgstenestene (9,26 %). Det blir i spørjeundersøkinga peika på at høgt sjukefråvær i denne sektoren utgjer ei risiko for at kommunen ikkje klarar å nå mål, følgje opp vedtak og/eller etterleve regelverket. Eit viktig mål i budsjettet for 2020 er å redusera sjukefråværet.</p> <p>I intervju blir det opplyst at kommunen har utarbeidd lønspolitiske retningslinjer og eit personalpolitisk rammeverk, men at dei pga. kapasitetsutfordringar ikkje får følgt opp dette området i tilstrekkeleg grad. T.d. blir det nemnd at avdelingsleiarar må følgje opp ulike personalspørsmål i større grad enn planlagd, då personalavdelinga ikkje har kapasitet. Dette gjeld t.d. tilsetjing av ferievikarar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Manglande oppfølging av tilsette Høgare kostnader og redusert kontinuitet Lågare kvalitet i tenestene Manglande effektivitet og målinnfriing 	
Internkontroll og kvalitetssystem <ul style="list-style-type: none"> Rolle- og ansvarsdeling Rutinar og prosedyrar Avviksmelding Rapportering Forbetringsarbeid 	<p>Krava til kommunen sin internkontroll er utvida og skjerpa i ny kommunelov.</p> <p>Svara i spørjeundersøkinga tyder på at kommunen ikkje har tilfredsstillande rutinar på alle område. Det blir mellom anna vist til at manglande rutinar i skulen kan ha konsekvensar for elevane sitt læringsutbytte. Vidare blir det i spørjeundersøkinga vist til dømer der rutinar ikkje blir følgt, t.d. knytt til journalføring av henvendingar som kjem på e-post.</p> <p>I intervju blir det vidare vist til at rekneskapsrevisor har kommentert manglar i internkontrollen til kommunen.</p> <p>Kommunen nyttar Compilo som kvalitetssystem, og rutinedokument skal lagrast her.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Mangelfull internkontroll Rutinar blir ikkje oppdatert i samsvar med regelverket Rutinar er ikkje kjend og blir ikkje følgt. 	
Saksførebuing og vedtaksoppfølging <ul style="list-style-type: none"> Malar og rutinar Rapportering og oversikt 	<p>I spørjeundersøkinga blir det vist til at oppfølginga av vedtak og rapportering til politisk nivå kan vere noko ufullstendig, og at sakspapira til politiske møte nokon gonger kjem litt seint. Likevel blir det i intervju jamt over vist til at både førebuinga av saker og oppfølginga av vedtak i det store og heile blir handtert på ein god måte i kommunen.</p> <p>Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av saksførebuing, vedtaksoppfølging og byggesakshandsaming i 2019/2020. I forvaltningsrevisjonen blir det mellom anna funne at Fitjar har noko mangelfulle malar og rutinar innan saksførebuing og vedtaksoppfølging. Til dømes inneheld ikkje kommunen sin mal for saksførebuing av politiske saker sentrale moment som frist/framdriftsplan, økonomi eller miljø. Fitjar har heller ikkje eit felles system</p>	<ul style="list-style-type: none"> Saker blir ikkje tilstrekkeleg førebudd Vedtak blir ikkje følgt opp 	



	for registrering av vedtak som også kan bli brukt til å dokumentere status for oppfølging og iverksetjing. Tilrådingane frå forvaltningsrevisjonen er vedteke følgt opp av kommunestyret i møte 17. juni 2020.	
Informasjonstryggleik, personvern og digitalisering <ul style="list-style-type: none"> • GDPR • Personvern • Tilgangsstyring • Digitalisering 	<p>Det nye personvernregelverket som tredde i kraft i 2018 stiller strengare krav til informasjonstryggleiken i kommunen enn kva som tidlegare var tilfelle, noko som medfører auka regulatorisk risiko.</p> <p>Kommunen skal i 2020 ferdigstille og iverksette «Plan for digitalisering 2020-2023». I spørjeundersøkinga blir det etterlyst meir digitalisering i kommunen.</p> <p>I spørjeundersøkinga blir det peika på at kommunen må bli betre på å utarbeide rutinar for å handtere persondata. Vidare blir det vist ti lat nokre tilsette i kommune kanskje ikkje har tilfredsstillande praksis knytt til handsaming av personopplysningar og lagre av opplysningane på riktig område/server.</p> <p>Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av IKT og informasjonstryggleik i 2018. Kommune er framleis i prosess med å følgje opp denne.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Viktig informasjon blir mista eller sensitive data kjem på avvege • Brot på regleverk 
Arkiv og offentlegheit <ul style="list-style-type: none"> • Kommunikasjon • Sak-/arkivsystem • Arkiv og journal • Innsyn 	<p>Det blir i intervju vist til at det har vore ein kvalitetsauke i arkivarbeidet dei seinare åra, mellom anna ved at fleire eldre arkiv blir digitalisert. Administrativ leining meiner kommunen oppfyller krava i arkivlova. I spørjeundersøkinga blir det likevel vist til at det ikkje alltid er god oversikt i saksmappene i sak-/arkivsystemet.</p> <p>Når det gjeld journalføring, er dette framleis eit forbedringspunkt i Fitjar. Dette gjeld både utgåande og inngåande korrespondanse. Generelt blir det vist til at kommunen kan bli flinkare til å få all korrespondanse elektronisk, t.d. gjennom elektronisk utsending via fagsystem, og journalføring av inngåande e-postar. Sistnemnde har likevel blitt betre, etter at det blei innført ein modul i e-postsystemet som gjer at sakshandsamarane enkelt kan journalføre sjølve.</p> <p>Det blir elles vist til at kommunen handsamar innsynskrav manuelt, og ikkje publiserer dokument på postlista. Det blir nemnd at det er relativt mange og omfattande innsynskrav knytt til byggesaker, men at det ikkje er so mykje elles.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Redusert tillit i befolkninga • Tap av arkivmateriale • Lov- og regelbrot 
Beredskap <ul style="list-style-type: none"> • Beredskapsplanar • Tilsyn 	<p>I budsjettet for 2020 blir det opplyst at kommunen oppdaterte beredskapsplan i 2018, og kommunen gjennomfører åreleg «beredskapsveke» ein gang i året frå 2019. Kommunen har framleis nokre beredskapsplanar frå 2007 som må oppdaterast.</p> <p>I eit tilsyn om kommunal beredskapsplikt gjennomført av fylkesmannen i 2019 blei det vist til at Fitjar totalt sett ikkje tilfredstillar alle krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Det er manglar ved det heilskaplege og systematiske samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, risiko- og sårbarheitsanalysen er utdatert og det manglar dokumentasjon på system for opplæring. I årsmeldinga frå 2019 går det fram at dei fleste avvika frå tilsynet er lukka, og at dei resterande avvika er under lukking.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Dårleg beredskap • Lov- og regelbrot 

Innkjøp <ul style="list-style-type: none"> Innkjøpssamarbeid Innkjøpskompetanse Rammeavtalar 	<p>Regelverket for offentlege anskaffingar er komplekst og stiller strenge krav til innkjøparar. Det er difor ein ibuande regulatorisk risiko på området.</p> <p>Fitjar kommune er med i eit interkommunalt samarbeid for innkjøp saman med Stord, Bømlo, Kvinnherad og Tysnes. Stord kommune er vertskommune. I fleire intervju blir samarbeida Fitjar kommune har med andre kommunar på ulike område foreslått som tema for forvaltningsrevisjon.</p> <p>I undersøkinga blir det etterlyst meir openheit knytt til innkjøp og anbodskonkurransar. Det blir peika på døme på innkjøp der det frå politisk hald blir stilt spørsmål ved om kjøpa har følgt regelverket.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Brot på regelverket Kostnadseffektive innkjøp Økonomiske mislegheiter 	
Investeringar <ul style="list-style-type: none"> Budsjettering Investeringar 	<p>KOSTRA-tal viser at Fitjar investerer 18,1 % av sine inntekter, noko som er ein høgare del enn gjennomsnittet i kommunegruppa (14,7 %). Fitjar har også ei høg eigenfinansiering av investeringane i forhold til snittet i kommunegruppa (62,8 % mot 31,6 %).</p> <p>Det går fram av budsjettdokumentet 2020 at den økonomiske situasjonen i Fitjar er utfordrande, og investeringane som er vedtatt i budsjettet for 2020 ber preg av det. Under er nokre sentrale investeringar som er planlagt for Fitjar kommune lista:</p> <ul style="list-style-type: none"> 10,5 millionar kroner til ny brannstasjon. 4,38 millionar til renovering av teknisk bygg 1 million til ny kloakkpumpestasjon i industriområdet på Årskog. 500 000 kroner i prosjektering av Fitjarstølane barnehage i 2020, og førebels investeringsramme på 12 millionar til oppgradering av barnehagen i 2021 og 2022. 500.000 til forvaltning, drift og vedlikehald på vassverk, reinseanlegg og pumpestasjonar. 550 000 til PLS på vassverket Kommunen har behov for utskiftingar av gatelys, og kommunestyret foreslår å investere 400.000 årleg i fire år. <p>Det totale investeringsbudsjettet for Fitjar i 2020 er på om lag 31 millionar (inkludert VAR).</p>	<ul style="list-style-type: none"> Budsjettoverskriding Utilstrekkeleg kvalitet Fristbrot 	
Berekraft, klima og miljø <ul style="list-style-type: none"> Grøne investeringar CO₂ utslepp 	<p>Der blir opplyst i budsjettet for 2020 at ei prioriteringssak for Fitjar er grønne investeringar som reduserer driftsnivå og styrkar kommunen sitt klimaansvar. I samband med dette er det funnet plass til 280 000 kroner til el-ladestasjonar i budsjettet for 2020.</p> <p>I kommunebarometeret kjem det fram at Fitjar hadde eit klimagassutslepp på 20 905 kg CO₂ per innbyggjar i 2018. Dette er høgare enn kommunegruppa (16 501) og blant kommunane med høgast utslepp i Norge per innbyggjar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Høgt klimagassutslepp 	
Interkommunale samarbeid <ul style="list-style-type: none"> Styring og kontroll Budsjett og løyvingar 	<p>Fitjar kommune deltek i ulike interkommunale samarbeid, både administrativ gjennom verstkommunesamarbeid, og i ulike interkommunale selskap. Det blir vist til at fleire av desse samarbeide er naudsynte, då Fitjar er for liten til å kunne ha t.d. ein eigen barnevernteneste. Både politisk leiing og administrativ leiing peikar likevel på desse ulike samarbeida som aktuelle for forvaltningsrevisjon; det kjem fram at kommunen opplever å ha lite påverknad på drifta i fleire av dei, noko som sett i samband med at det òg blir stilt spørsmål ved om kostnadane er riktige, har skapt ein del usikkerheit og misnøye.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Høge kostnader Utilstrekkeleg kvalitet 	

3.2 Oppvekst- og kultur

Eining for oppvekst- og kultur er omfatta av tre skular, Fitjarstølane Barnehage (Fitjar har 5 barnehagar, berre Fitjarstølane er kommunal), eining for kultur, kulturskulen og helsestasjon. Helsestasjonen omfattar jordmor og skulehelseteneste.

Tabell 5: Identifiserte risikoområde knytt til oppvekstområdet

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Kvalitet i grunnskulen <ul style="list-style-type: none"> Lærarnorma Skulebidrag Kapasitet og kompetanse System og rutinar Chromebook og Office 365 	<p>Den økonomiske situasjonen gjer at kommunen kuttar stillingar, og i budsjettet for 2020 går det fram at det blir kuttet 2,3 årsverk innan skulen, samt generelt nedtrekk av vikarar og assistentar. Det går vidare fram av budsjettet for 2020 at det blei foreslått å leggje ned Øvrebygda skule og SFO, men dette blei reversert av kommunestyret.</p> <p>I undersøkinga blir det peika på at det har vore noko uro knytt til om det blir nytta ufaglærte i skulesektoren av økonomiske omsyn.</p> <p>Tall frå Utdanningsdirektoratet viser at dei to mindre skulane i Fitjar oppfyller lærarnorma, mens den største skulen (Rimbareid skule) ikkje gjer det.⁶</p> <p>I spørjeundersøkinga blir det opplyst at skulane ikkje har gode nok system for å sikre at elevane oppnår tilfredsstillande resultat i grunnleggande fag. Utdanningsdirektoratet sin indikator for skulebidrag⁷ viser at Fitjar ligg på landsgjennomsnittet frå 1.-4. trinn. Frå 5.-7. trinn har trenden vore negativ dei siste fem åra, og Fitjar ligg i 2018-2019 i beste fall⁸ på landsgjennomsnittet. Fitjar ligg også i beste fall på landsgjennomsnittet for ungdomstrinna 8.-10. trinn.</p> <p>Det blir opplyst i budsjettet for 2020 at elevane i Fitjarskulen tek i bruk Chromebook frå hausten 2020. Samstundes skal skulen endre skulesystem frå It's learning til Office 365. Frå hausten 2020 tek skulen også i bruk nye fagplanar (Fagfornyninga).</p>	<ul style="list-style-type: none"> Brot på regelverk Utilstrekkeleg kvalitet i tenestene 	
Trygt og godt skulemiljø <ul style="list-style-type: none"> Nytt regelverk Trivsel 	<p>Det blei gjort endringar i opplæringslova kap. 9 A i 2017 som mellom anna stilte skjerpa krav om skulen og tilsette sine plikter når det gjeld å fange opp og undersøke tilfelle der det er mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.</p> <p>I intervju blir det vist til at kommunen har etablert planer og rutinar for å avdekke, undersøke og sette inn tiltak i samsvar med regelverket. Vidare går det fram i kvalitetsmeldinga for grunnskulen i Fitjar kommune at kommunen har handsama 9 saker knytt til det nye regelverket i skuleåret 2019-2020. Ingen av desse blei sendt vidare til Fylkesmannen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Brot på regelverk Barn og unge som ikkje opplever eit trygt og godt skulemiljø 	

⁶ Lærarnorma er at det skal være 15 elevar per lærar på 1-4. trinn og 20 elvar per lærar på 8.-10. trinn frå hausten 2019.

⁷ Skulebidrag indikerer kor mykje skulen har bidratt til elevane si læring i dei grunnleggande faga som blir testa på nasjonale prøvar på 5. trinn, 8.trinn og 10. trinn samanlikna med bidraget til elevar med tilsvarande elevbakgrunn på landsnivå.

⁸ Konfidensintervallet viser at Fitjar ligger mellom -1.9 og 0,0 poeng under landsgjennomsnittet frå 5.-7. trinn og mellom -3,7 og 0,0 på 8.-10. trinn, det er dermed sannsynleg at Fitjar ligg noko under landsgjennomsnittet, men kommunen kan også vere på landsgjennomsnittet.

Elevundersøkinga viser at 4,5 % av elevane på 7. trinn oppgir å ha blitt mobba i skuleåret 2019/2020, mot 5,7 % nasjonalt. Tilsvarende på 10. trinn oppgir 7,7 % av elevane i Fitjar å ha blitt mobba, mot 4,5 % nasjonalt. Det er færre som blir mobba i Fitjar samanlikna med førre elevundersøking.

Tilpassa opplæring og spesialundervisning

- Kvalitet
- Kompetanse
- Bemanning
- Sakshandsaming
- Tidleg innsats og intensiv opplæring
- Samhandling

I tabellen under går det fram kor mange elevar i Fitjarskulen som får spesialundervisning samanlikna med kommunegruppa og landet utan Oslo i 2019. Totalt har Fitjar færre elevar med spesialundervisning enn kommunegruppa, men litt fleire enn gjennomsnittet i landet utan Oslo. Kommunen har vidare færre elevar som får spesialundervisning på dei lågare skuletrinna enn kommunegruppa og landet utan Oslo, men tilsvarende fleire på ungdomsskulen enn referansegruppene.

- Brot på regelverk
- Ikkje tilfredsstillande oppfølging
- Utfordringar i samhandling med andre tenester

Årstrinn	Fitjar	Kommunegruppe 2	Landet utan Oslo
Elever alle trinn	8 %	9,2 %	7,8 %
1.-4. trinn	4 %	6,6 %	5,2 %
5-7. trinn	6,9 %	10,7 %	9,1 %
8.-10.trinn	13,6 %	10,8 %	9,8 %

Tidleg innsats og intensiv opplæring er eit satsingsområde i økonomiplanperioden. Likevel kjem det fram at det er mangel på kvalifisert personell og lite ressursar til tidleg tilpassa opplæring.

I spørjeundersøkinga blir det uttrykt uvisse til om digitalisering vil kunne gje betre tilpassa opplæring og derav færre vedtak om spesialundervisning og innsparingar i budsjettet. Konsekvensane kan vere at ein større gruppe vil ha utfordringar i grunnleggande lesing, rekning og engelsk.

Det blir elles opplyst i både spørjeundersøkinga og i undersøkinga elles at det har vore ein del uro knytt til samarbeidet med PPT (Stord er vertskommune). Det kjem i andre delar av undersøkinga fram at denne uroa dels har vore knytt til betaling for tenestene. Det blir òg understreka i fleire intervju at PPT er flinke, og at det faglege samarbeidet er bra.

Kvalitet i barnehage

- Pedagognorma
- Bemanning
- Spesialpedagogisk hjelp

Tal frå Utdanningsdirektoratet viser at tre av dei fem barnehagane i Fitjar oppfyller pedagognorma,⁹ mens dei to siste oppfyller norma med dispensasjon. KOSTRA-tal viser at Fitjar har 5,9 born per årsverk i grunnbemanninga i barnehagar. Dette er noko høgare enn elles i kommunegruppa (5,4).

- Brot på regelverk
- Ikkje tilstrekkeleg gode tenester

KOSTRA-tal viser at ingen barn barnehagane i Fitjar fekk spesialpedagogisk hjelp i 2019. Til samanlikning mottok 3,5 % av barna i kommunegruppa spesialpedagogisk hjelp.

⁹ Pedagognorma seier at det skal vere minimum éin pedagogisk leiar per sju barn under tre år, og minimum éin pedagogisk leiar per 14 barn for barn over tre år.

Eit tilsyn i 2019 hadde som føremål å kontrollere at kommunen som barnehagemynde sikrar at barn med nedsett funksjonsevne får individuell tilrettelegging i barnehagen etter barnehagelova § 19 g. Tilsynet fann at kommunen ikkje oppfylte plikta, og kommune blei pålagt å utarbeide eit system som sikrar at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna tilrettelagt barnehagetilbod. Avvika påpeikt i tilsynet blei lukka i november 2019, og sjølve tilsynet blei formelt avslutta i februar 2020.

Kultur

- Nedskjeringar
- Bemanning
- Utgifter

I budsjettet for 2020 blir det kuttet 0,2 årsverk innan kultur. Frivilligsentralen i Fitjar meiner nedskjeringar i budsjettet er dramatisk, og har vore i dialog med kommunen angående dette.

- Mangelfullt tilbod

Tal frå kommunebarometeret viser at Fitjar kommune i 2018 hadde 2,8 kulturarbeidarar per 1 000 innbyggjarar, mot 8,7 i kommunegruppa. Ifølge KOSTRA bruker Fitjar 2,4 % av kommunen sine totale netto driftsutgifter til kultursektoren, mot 3,7 % i kommunegruppa. Per innbyggjar brukar Fitjar 1612 kroner i netto driftsutgifter, mot 2655 i kommunegruppa.



3.3 Plan og teknisk drift

Etat for plan- og teknisk drift består av avdeling for plan- og utvikling, landbruk og miljø og teknisk. Avdeling for plan- og utvikling har ansvar for plan, byggesak og oppmåling. Avdeling for teknisk sine hovedoppgåver er mellom anna kommunale bygg og vegar, avløp, planarbeid, utbygging og drift. Brannvesenet ligg også under teknisk. Landbrukskontoret er felles med Stord kommune, kor hovudkontoret er lagt til Fitjar rådhus.

Tabell 6: Identifiserte risikoområde knytt til tekniske tenester

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko		
Plan- og byggesak <ul style="list-style-type: none"> Kapasitet Kompetanse Utdaterte reguleringsplanar Forvaltningsrevisjon Dispensasjonssaker 	<p>Det blir opplyst i årsmeldinga 2019 at avdeling for plan- og utvikling har avgrensa kapasitet. Avdelinga har ikkje utarbeidd strategi for tilsyn eller årleg rapport i samsvar med lovpålagte krav.</p> <p>Som vist i tabellen under har Fitjar lik eller kortare gjennomsnittleg behandlingstid for byggesøknadar samanlikna med kommunegruppa. Vidare viser tabellen at Fitjar dispenserar oftare frå plan enn kommunegruppa. Dette blir i intervju forklart dels med at Fitjar har ein arealplan frå 2012.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Manglande etterleving av lovpålagte fristar Omdømetap Ikkje-tilfredsstillande system til å halde oversikt over saker 			
				Fitjar	Kommunegruppa
	Gjennomsnittleg behandlingstid (3 veker)			14 dagar	14 dagar
	Gjennomsnittleg behandlingstid (12 veker)			23 dagar	32 dagar
Del innvilga byggesaker dispensasjon frå plan	26 %	21 %			
<p>I årsmeldinga 2019 kjem det fram at kommunen har fleire eldre reguleringsplanar som burde vore oppdatert. I tillegg blir det peika på at avdelinga heller ikkje har tilsett fast oppmålingsingeniør. Dette gir utfordringar i høve til kart- og vedlikehald av kartbasar.</p> <p>I intervju med politisk leiing blir det gjennomgåande vist til at det er og har vore utfordringar knytt til byggesaksbehandling i kommunen. Det blir t.d. vist til ulike handsaming av tilsvarande saker over tid, der tilsvarande tiltak som tidlegare blei godkjent, ikkje blir det i dag. Dette blir forklart med regelverket blir tolka ulikt, dels pga. endring i bemanninga i avdelinga. Det blir òg vist til spesifikke utbyggingsområde der det har vore mykje klagesaker og uro.</p> <p>Det blir òg vist til at både utbyggjarar og innbyggjarar rettar kritikk mot kommunens byggesaksbehandling, både av ovannemnde grunnar, men også ved at det tidvis ikkje kjem svar på henvendingar.</p>					



	<p>Frå politisk nivå blir det vidare uttrykt at kommunen skal vere ein «ja»-kommune, men at dette ikkje alltid blir følgt opp tilstrekkeleg frå administrasjonen. Det blir vist til at rådmannen er lydhør for signala frå politikarane, men at det ikkje alltid når heilt ned i organisasjonen.</p> <p>Det blei i 2019/2020 gjennomført ein forvaltningsrevisjon av saksførebuing, vedtaksoppfølging og byggesakshandsaming. I delen om byggesakshandsaming blei det mellom anna funnet at eldre og til dels upresise planar kan bidra til at kommunen har ein høg del ressurskrevjande dispensasjonssaker.</p>		
<p>Vatn, avlaup og renovasjon</p> <ul style="list-style-type: none"> • Styringssystem • Gebyr 	<p>I budsjettet for 2020 kjem det fram at som følgje av beredskap knytt til vassverket er det naudsynt med investeringar i nytt styringssystem i 2020.</p> <p>Det blir òg peika på at gebyrregulativet for VA må endrast grunna store investeringar dei seinaste åra, ein investeringstakt som vil fortsette dei kommande åra.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Regelbrot • Redusert tillit i befolkninga • Svikt i tenestene 	●
<p>Drift og vedlikehald av kommunale bygg</p> <ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar 	<p>I årsmeldinga for 2019 går det fram at måla for vedlikehald av den kommunale bygningsmassen berre delvis blei oppnådd. Det kjem vidare fram i undersøkinga at kommunen har hatt utfordringar knytt til vedlikehald av offentlege bygg, men at dette har blitt betre dei seinare åra.</p> <p>I årsmeldinga for 2019 kjem det fram at det er avdekka manglar ved bygningsmassen i Fitjarstølane barnehage, og det blir vurdert rehabilitering eller nybygg. Det er gjort lite i innvendig i barnehagen sidan barnehagen var ny på 80-talet. I spørjeundersøkinga blir det også peika på at Fitjarstølane barnehagane har dårleg fysisk arbeidsmiljø som kan vere skadeleg.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Etterslep • Regelbrot • Dårleg inneklima 	●
<p>Brannvern</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ressursar • Nybygg 	<p>Det blir opplyst i årsmeldinga for 2019 at brannvesenet har fleire oppgåver enn tidlegare. Det kjem også fram at talet på utrykkingar auka frå 30 i 2018 til 47 i 2019.</p> <p>Vidare blir det opplyst at avtale med Stord om tilsyn- og feiing vart sagt opp i 2019 grunna høge kostnader.</p> <p>Kommunen skal bygge ny brannstasjon i Fitjar sentrum. Det blir i intervju vist til at den noverande lokasjonen av brannstasjonen er sårbar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Manglande beredskap 	●



3.4 Helse, sosial og omsorg

Helse, sosial og omsorg har ei rekkje avdelingar og ansvarsområde. Sosialtenesta har ansvar for barnevernet og NAV-kontoret. Barnevernstenesta er organisert som eit interkommunalt samarbeid med Bømlo og Stord kommunar, og kontoret ligg på Stord. Avdeling for lege og fysioterapi består av legetenesta, fysioterapitenesta og miljøretta helsevern. Avdeling for heimetenester har tenester innan mellom anna heimesjukepleie, psykisk utviklinghemma (PU), rehabilitering og omsorgsbustader. Havnahuset fell også innanfor heimetenestene. Institusjonstenestene (Fitjar bu- og behandlingssenter) har tenester innan langtid- og kortidsplassar og rehabilitering. Fitjar kommune har også tenester innan psykisk helse og ein koordinerande eining som er til hjelp når pasientar har behov for samordna tenester. Fitjar kommune har legevakt gjennom samarbeid med Stord kommune, der Stord er vertskommune.

Tabell 7: Identifiserte risikoområde knytt til helse og sosial

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Barnevern <ul style="list-style-type: none"> Interkommunalt samarbeid Kostnader 	<p>Fitjar er ein del av Sunnhordland interkommunale barnevern saman med Bømlo og Stord (vertskommune). I årsmeldinga for 2019 går det fram at det blei opna ein døgeropen akuttbereidskapsvakt i september. Vidare står det at det blir kontinuerleg arbeid med å sikre at bekymringar blir fanga opp og meldt so tidleg som mogleg.</p> <p>Fitjar hadde i 2019 5 436 kroner i netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-22 år viser KOSTRA-tal. Dette er mykje lågare enn kommunegruppa som brukte 9 334 kroner per innbyggjar. Vidare viser KOSTRA-tal at Fitjar òg hadde lågare brutto driftsutgifter per barn med undersøking enn kommunegruppa (43 963 kroner mot 68 516 kroner), per barn som ikkje er plassert av barnevernet (24 824 kroner mot 46 862 kroner) og per barn som er plassert av barnevernet (289 286 kroner mot 415 126 kroner). Det blir opplyst i budsjettet for 2020 at Fitjar har ein kostnadsauke i barnevern på 2,3 millionar.</p> <p>Det er ikkje rapportert fristbrot i undersøkingssaker i Fitjar kommune i 2019. I undersøkingssakane for det interkommunale samarbeidet der Fitjar inngår, blei det rapportert om fristbrot i 8,7 % av sakene, medan det i fylket var fristbrot i 8,8 % av undersøkingssakane. I Bufdir sin kommunemonitor går det fram at 83,3 % at barna i barnevernet i Fitjar har hjelpetiltak med tiltaksplan, mot 92,8 % av fylket.</p> <p>Fitjar kommune er ein BTI kommune (betre tverrfagleg innsats), og alle barn og unge skal få tilbod om tidleg hjelp om dei har utfordringar. I spørjeundersøkinga blir det vist til at rutine og metodikken omkring BTI ikkje er godt nok implementert i organisasjonen.</p> <p>I intervju blir det foreslått å gjere forvaltningsrevisjon av barnevernssamarbeidet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Uforsvarlege tenester og regelbrot Barn som ikkje får sikra sine rettar 	●
Institusjonsteneste og heimeteneste <ul style="list-style-type: none"> Nye oppgåver Ressurskrevjande brukarar 	<p>I budsjettet for 2020 blir det peika på at det stadig blir overført fleire oppgåver frå spesialisthelsetenesta til kommunane, og at brukarbehova innan psykiatri, rus og demens aukar. KOSTRA-tal viser at Fitjar har høgare utgifter til helse- og omsorgstenester per innbyggjar enn kommunegruppa (37 833 mot 36 786 kroner). I budsjettet for 2020 blir det peika på at ressurskrevjande brukarar er ei særleg stor økonomisk utfordring i Fitjar. Våren 2019 fekk tenesta fleire brukarar enn kommunen hadde forutsett.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Budsjettoverskriding Ikkje tilfredsstillande tenester Regelbrot 	●

<ul style="list-style-type: none"> • Kompetanse og sjukefråvær • Omorganisering • Nedskjeringar i institusjonstenestene 	<p>Det blir òg vist til at det er eit aukande behov for habilitering og tenester til ressurskrevjande brukarar. I 2019 blei habiliteringstenesta skild ut frå heimebaserte tenester til ei eiga eining.</p> <p>I årsmeldinga frå 2019 blir det peika på Fitjar har hatt eit stort press på sjukeheimplassane. Ein medverkande faktor til dette har vore ombygging av demensavdelinga. Vidare blir det peika på at samhandling på tvers av tenester er viktig og at mangel på helgevikarar er ei utfordring.</p> <p>I budsjettet for 2020 blir det opplyst at frå mars 2020 skal institusjonstenestene kutte 5,2 stillingar. Også seinare i økonomiplanperioden skal det bli kutta stillingar. Sektoren vil dermed vere enda meir sårbar ved sjukdom, og det vil vere aukande utfordringar knytt til behandling av pasientar som kjem frå sjukehus med samansette problem.</p> <p>Det går fram av årsmeldinga 2019 at hjelpebehovet på Havnahuset er aukande som følge av at det er mange eldre over 90 som fortsett ønskjer å bu der. Det tilgjengelege utstyret og lokala på Havnahuset er ikkje godt nok for denne brukargruppa.</p> <p>Det kjem fram av spørjeundersøkinga at det er noko manglande kompetanse innanfor helse og omsorgstenestene. I tillegg er det høgt sjukefråvær (9,26 %, jf. årsmeldinga for 2019), og det blir i undersøkinga vist til at det kan vere vanskeleg å få rekruttert kompetansen som trengs.</p> <p>I intervju med administrativ leiing blir det vist til at kommunen fokuserer på å arbeide førebyggjande, satsar meir på dei lågare omsorgsnivåa, og har omorganisert heimetenesta. Alle desse tiltaka har hatt positive effektar for både kommunen og brukarane.</p>	
<p>Legevakt og legetenester</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kommuneoverlege • Psykolog og ergoterapeut • Ressursbruk 	<p>Vidare kjem det fram at Fitjar ikkje har ressursar til å tilsette ein kommuneoverlege med minst 50 % stilling, noko som er tilrådd i særavtalen mellom KS og Den Norske Legeforening. Kommunen har heller ikkje økonomisk handlingsrom til å tilby ergoterapeut, noko som er ein lovpålagt kommunal teneste frå 2020.</p> <p>Fitjar har legevakt gjennom medeigarskap i Sunnhordland interkommunale legevakt IKS, lokalisert i Stord kommune. Det blir i fleire intervju foreslått at legevaktsamarbeidet kunne vore gjenstand for ein forvaltningsrevisjon. Særleg blir det peika på Fitjar kommune har høge kostnader for å vere med i dette samarbeidet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Regelbrot • Svikt i tenestetilbod • Høge kostnader 
<p>Rus og psykisk helse</p> <ul style="list-style-type: none"> • Auka bruk av rusmiddel blant yngre • Tyngre rusmisbrukarar • Høge utgifter 	<p>I årsmeldinga frå 2019 blir det opplyst at den psykiatriske helsetenesta i Fitjar opplev auka etterspurnad. Dette er dels forklart med at kommunen får ansvaret for brukarar som har vore på Valen, og som flyttar til kommunen og skal ha hjelp der. Generelt blir det vist til at kommunen har mange tunge brukarar som kostar mykje ressursar.</p> <p>I undersøkinga kjem det fram at bruk av rusmidlar blant dei yngre er ei aukande utfordring. I tillegg har kommunen fleire tyngre, eldre rusmisbrukarar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Brot på lov og regelverk • Svikt i tenestetilbod 

	<p>KOSTRA-tal viser at kommunen bruker 883 kroner i brutto driftsutgifter per innbyggjar til personar med rusproblem frå 18 til 66 år. I kommunegruppa er talet 273 kroner per innbyggjar.</p> <p>Kommunen har ikkje økonomisk handlingsrom til å tilby psykolog, noko som frå 2020 er ein lovpålagte kommunal teneste.</p>	
<p>Sosiale tenester/NAV</p> <ul style="list-style-type: none"> • Auke i saksmengd • Lovendringar 	<p>Fitjar har hatt relativt låg arbeidsløyse dei siste fem åra (under 3 %), men ved målinga i mars 2020, var arbeidsløysa i kommunen på 7,7 %.¹⁰</p> <p>Data frå kommunebarometeret viser at Fitjar scorar dårlegare enn kommunegruppa på fleire indikatorar for sosialhjelp i 2018. Gjennomsnittleg stønadslengde for mottakarar mellom 18 og 24 år er 8,6 månader, mot 4 i kommunegruppa. I aldersgruppa 25 til 66 år er tala 6,7 i Fitjar og 4,5 i kommunegruppa. 60 % av dei som har mottatt sosialhjelp har sosialhjelp som hovudinntektskjelde. Det går også fram av budsjettet for 2020 at det er behov for tettare oppfølging av brukarane.</p> <p>Det blir i budsjettet for 2020 peika på at det er stor saksmengd per sakshandsamar på NAV Fitjar samanlikna med andre kommunar.</p> <p>Fylkesmannen førte i 2019 tilsyn med om Fitjar kommune sørgjer for at NAVs vedtak om økonomisk stønad til personar med forsyttaransvar for barn byggjer på forsvarlege kartleggingar og vurderingar. I tilsynet fann dei brot på fleire lover og manglar ved internkontrollen som gjer at søkjarar med forsyttaransvar for barn ikkje får den økonomiske stønaden dei har rett til etter sosialtenestelova.</p> <p>I intervju med administrativ leiing blir det vist til at det er utarbeidd ein ny tenestestandard for sosialtenester som skal sikre likskap og regeletterleving. Det blir vist til at det har vore lite klagar på slike vedtak, og at kommunen har fått medhald i dei klagesakene som har vore.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Økte kostnader • Ikkje tilstrekkeleg oppfølging • Lov og regelbrot 
<p>Kommunale bustader</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tilgang på bustader 	<p>I budsjettet for 2020 kjem det fram at NAV-kontoret opplever eit stort press som følgje av mangel på permanente bustader for dei som manglar buevne. I spørjeundersøkinga blir det vist til at det er fleire LAR-brukarar som har dårlege buforhold.</p> <p>Det blir i intervju vist til at kommunen har forkjøpsrett av fråflytta leilegheiter i eit leilegheitshus i Fitjar, og at dei slik etter kvart kan auke kapasiteten for bustadar til brukarar med behov for heimehjelp og sjukepleiarar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Dårleg kvalitet i tenestetilbod • Omdømetap 

¹⁰ Antatt pga. COVID-19.

4. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, presenterer vi i denne seksjonen risikoar knytt til selskapa der kommunen har eigarskap. Vurderinga er gjort med særleg fokus på følgjande forhold:

- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,
- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut i frå kor vesentlege dei er for kommunen (vesentleganalyse). To overordna perspektiv kan leggjast til grunn for ei slik vurdering:

- fokus på brukarperspektivet/samfunnsnyttan
- fokus på økonomiske interesser for kommunen

På bakgrunn av desse forholda har revisjonen utleia følgjande kriterium for vesentleganalysen, som kan vere til hjelp når kontrollutvalet skal prioritere kva selskap som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon:

1. selskap der det er avdekkja moglege risikoforhold
2. selskap med berre offentleg eigarskap
3. selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
4. selskap som har direkte tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar
5. selskap som leverer verksemdskritiske tenester til kommunen
6. selskap som er heileigd av kommunen
7. selskap der kommunen har omfattande eigarinteresser i tal aksjar (fleirtal) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen
8. økonomisk gevinst/tapspotensiale for kommunen
9. etikk og omdøme

Fitjar kommune har seks selskap som er deleigd med kommunar og/eller fylkeskommunar og ni selskap som er deleigd med private eller statlege aktørar. Selskapa/samarbeida vil bli presentert i tabellar under. Informasjonen i tabellane er i hovudsak basert på opplysningar henta frå Bisnode Smartcheck, Proff, kvart enkelte selskap sine nettsider, oversendt dokumentasjon frå kommunen og informasjon som er kome fram i undersøkinga. Der det har kome fram opplysningar som tyder på at det er risiko knytt til eigarskapet eller drifta i selskapet, vil dette kommenterast. Det vil òg bli kommentert om det dei siste åra har blitt gjennomført selskapskontroll av selskapet, og – der det er relevant – om eventuelle kommunesamanslåingar blant andre eigarar har vesentlege konsekvensar for enten selskapet eller for eigarskapet til Fitjar kommune.

Selskapa blir presentert i to tabellar. Den første inneheld selskap som kommer inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er aksjeselskap og interkommunale selskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar. Desse selskapa har Fitjar kommune full innsynsrett i og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar av.

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap der kommunen har eigarskap, men som ikkje kjem inn under innsynsretten etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er ofte aksjeselskap med innslag av private eller statlege eigardeler eller samvirkeføretak. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar, t.d. med omsyn til i kva grad selskapet opptre i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningslinjer mv. Kontrollutvalet kan også be styret i eit selskap om å få fullt innsyn dersom det er ønskjeleg å gjere fullverdig forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

4.1 Selskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Selskapet sitt føremål
Eigardel: 12,5 % Føremålet med selskapet er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Selskapet skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland, og leggja dei fram til drøfting og utgreiing.

Nøkkelpunkt

- Omdøme
- Delt offentleg eigarskap
- Samfunnsansvar

Selskapet er eigd av åtte kommunar som eig 12,5 % av aksjane kvar. Nøkkeltala viser at selskapet gjekk med eit lite underskot i 2019, men at selskapet generelt sett har ein stabil økonomi.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	1 815	1 949	1 652
Inntekter	3 259	3 870	3 664
Resultat før skatt	-134	297	157
Likviditet	5,89	11,41	9,08
Soliditet	40,41 %	28,52 %	29,05 %

Sunnhordland interkommunale legevakt IKS

Selskapet sitt føremål
Eigardel: 9,2 % Selskapet skal ivareta eigarane si plikt til å ha legevaktsordning i samsvar med gjeldande lov- og avtaleverk. Selskapet skal gjennom drift av sengeavdeling ivareta eigarane si plikt til å ha plassar for augeblikkeleg hjelp (KAD-plassar) i samsvar med gjeldande lov- og avtaleverk.

Nøkkelpunkt

- Omdøme
- Delt offentleg eigarskap
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane

Stord kommune er største eigar i selskapet med 55,7 %, medan Bømlo kommune eig 35,1 % og Fitjar 9,2 %.

Det blir i intervju vist til at kostnadane med å vere del av IKS'et er høge for Fitjar.

Det er ikkje rapport inn årsrekneskap til Brønnøysundregisteret dei siste åra.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)

Ikkje tilgjengeleg

Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS

Selskapet sitt føremål
Eigardel: 5,93 % Føremålet til selskapet er innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane og bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.

Nøkkelpunkt

- Omdøme
- Delt offentleg eigarskap
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane

Fitjar eig selskapet saman med seks andre kommunar i Sunnhordlandsregionen. Generelt sett er økonomien til SIM solid, og nøkkeltala viser mellom anna stigande eigenkapital og aukande inntekter mellom 2018 og 2019.

Det blei gjort selskapskontroll av selskapet i 2012.

Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS

- Samfunnskritiske tenester

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	199 170	192 380	181 724
Inntekter	100 353	89 506	89 096
Resultat før skatt	8 650	11 688	3 574
Likviditet	4,62	7,04	7,82
Soliditet	71,7 %	70,57 %	65,62 %

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Selskapet sitt føremål

Eigardel: 2,78 %

Selskapet sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle føremål.

Nøkkelpunkt

Verksemda er eigd av 24 kommunar i tidlegare Hordaland fylke.

- Omdøme
- Samfunnsansvar

Siste innsendte årsregnskap til Brønnøysundsregisteret var i 2005, og revisor har ikkje hatt tilgang til nyare rekneskap

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)

Ikkje tilgjengeleg

Krisesenter vest IKS

Selskapet sitt føremål

Eigardel: 1,79 %

Verksemda skal på vegner av eigarkommunane sikre etterleving av krisesenterlova § 2 a), b) og c). Verksemda skal vere eit rådgivande organ for eigarkommunane i etterleving av § 2 d) i krisesenterlova. Verksemda har ikkje som føremål å drive verksemd som gir utbytte til eigarkommunane.

Nøkkelpunkt

Verksemda er eigd av 16 kommunar på vestlandet.

- Omdøme
- Samfunnsansvar
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane
- Samfunnskritisk teneste

Det føreligg ikkje offentleg tilgjengeleg årsrekneskapstal i Brønnøysundregisteret

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)

Ikkje tilgjengeleg

Vann vest AS

Selskapet sitt føremål

Eigardel: 5,556 % (1 av 18 aksjar)

Vann vest skal fremje samarbeid og kompetanseutvikling gjennom å utføre og leggje til rette for erfaringsutveksling, opplæring og informasjonsverksemd. Verksemda skal utføre og formidle tenester, knytt til vass- og avlupsverksemd, som til dømes bistand til drift, kvalitetssikring, vassmiljø og beredskap. Verksemda kan inngå samarbeidsavtalar med, eller delta i, andre føretak i den grad dette er føremålstenleg.

Nøkkelpunkt

- Stifta i 2019

Vann vest AS er eigd av 18 kommunar på vestlandet.

Vann vest AS

- Omdøme
- Samfunnsansvar
- Direkte tenestetilbud til innbyggjarane

Selskapet blei stifta i 2019, og det er difor berre frå stiftingsåret det finst rekneskapstal.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	74
Inntekter	0
Resultat før skatt	0
Likviditet	22,04
Soliditet	12,91 %

4.2 Selskap som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10

Eigedomsselskapet Gamle Fitjar Tinghus AS

Selskapet sitt føremål

Eigardel: 80 %

Føremålet er å drive forretningsbygg i Fitjar for å skaffe høvelege lokale til eigarane. Vidare kan selskapet på same måte skaffa lokale til offentlege og private verksemdar og personar.

Nøkkelpunkt

- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunnsansvar

Eigarskapet av selskapet er delt mellom Fitjar kommune og Fitjar kraftlag SA med høvesvis 80 % og 20 % av eigarskapet. Rekneskapstala¹¹ viser at selskapet gjekk med eit lite underskot i 2016, men at økonomien elles er solid. Likviditeten har auka monaleg mellom 2016 og 2018¹².

I 2017 blei ikkje selskapet sitt årsoppgjer levert innan lova si frist og det ble laget ny beretning etter at den tidlegare beretninga tilbakefalt. I 2018 ble heller ikkje årsoppgjeret levert innan lova si frist.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	3 859	3 619	3 289
Inntekter	1064	1045	1010
Resultat før skatt	319	385	-126
Likviditet	8,39	4,95	3,26
Soliditet	50,87 %	47,20 %	43,32 %

Fitjar kultur og idrettsbygg AS

Selskapet sitt føremål

Eigardel: 79,37 %

Føremålet til selskapet er å eige og drive eit allsidig kultur- og idrettsbygg til det beste for innbyggjarane i Fitjar kommune.

Nøkkelpunkt

- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar

Selskapet er eigd av Fitjar kommune (79,37 %), Fitjar kraftlag SA (10,59 %) og nokre fleire private aktørar. Rekneskapstala viser at verksemda har gått med underskot dei tre siste åra og det er indikasjonar på at likviditeten er noko låg i forhold til tilrådd nivå (2). Eigenkapital og inntektene har dei tre siste åra vore jamne.

¹¹ Årsrekneskap for 2019 er ikkje rapportert inn til Brønnøysundregisteret per august 2020, og revisor har ikkje tilgjengeleg rekneskapstal for 2019.

Fitjar kultur og idrettsbygg AS

- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane I fleire intervju blir det stilt spørsmål ved om organiseringa og drifta av selskapet er føremålstenleg sett frå kommunen si side, og det blir foreslått at det blir gjort eigarskapskontroll/forvaltningsrevisjon av selskapet.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	10 324	10 821	11 114
Inntekter	2 695	3 266	2 310
Resultat før skatt	-497	-293	-426
Likviditet	0,27	0,73	0,8
Soliditet	87,14 %	91,56 %	91,62 %

Atheno AS

Selskapet sitt føremål
Eigardel: 3,91 %
Føremålet til selskapet er å fremja auka samarbeid innan industrien i regionen. Dette skal primært skje ved å utvikla nettverksarenaer for å gjera medlemsbedriftene meir innovative og konkurransedyktige.

Nøkkelpunkt

- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunnsansvar

Atheno AS er eigd av både private og kommunale verksemder. Største eigar er Kværner AS med 15,52 % av eigarskapet. Nøkkeltala viser at gjekk med eit lite underskot i 2018, men at verksemda elles har ein solid økonomi.

Selskapet har eigarinteresser i Atheno prosjektutvikling AS (34,01 %) som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10 og eig 10,4 % av seg sjølv.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	5 459	5 292	5 389
Inntekter	9 286	9 689	8 280
Resultat før skatt	51	-97	342
Likviditet	3,11	2,58	2,11
Soliditet	76,51 %	71,91 %	63,68 %

Opero AS

Selskapet sitt føremål
Eigardel: 6,04 %
Målsettinga til verksemda er å utvikle og gje yrkesmessige tilbod om arbeidsinkludering med siktemål om å føra arbeidstakarar attende til, eller inn i, ordinært arbeid. Verksemda skal og gje tilbod om utprøving og avklaring med tanke på framtidig val av arbeid og utdanning.

Nøkkelpunkt

- Etikk og omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane
- Samfunnsansvar

Stord kommune og Bømlo kommune er dei største eigarane med høvesvis 28,03 % og 19,26 % av eigarskapet. Seks andre kommunar, Sør-Norge Aluminium og Vestland fylkeskommune har også eigardel i Opero AS.

Nøkkeltala viser at verksemda har noko stigande eigenkapital og jamne inntekter. Resultatet har vore noko minkande, og sjølv om likviditeten har ein positiv auke, er det indikasjonar på at den er noko låg i forhold til det tilrådde nivået (2).

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	17 173	17 120	16 191
Inntekter	37 484	38 388	36 903
Resultat før skatt	53	475	571

Opero AS			
Likviditet	1,53	1,47	1,39
Soliditet	58,72 %	57,18 %	55,56 %

Hordfast AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 5 av 148 aksjar	Føremålet til selskapet er å arbeide for å realisere ferjefri kyststamveg - E39 i Hordaland. Selskapet skal særleg arbeide med tiltak som støtter opp om å få et vedtak om å bygge ferjefri kyststamveg, samt få dette realisert, medrekna bidra til eventuell forskottering eller delfinansiering av utreingar og planer som er nødvendige for lokale og nasjonale vedtak.		
Nøkkelpunkt	Selskapet er eigd av fleire kommunar på Vestlandet, fleire næringsråd/- foreiningar og NHO. NHO er største eigar i Hordfast AS. Nøkkeltala ¹³ viser at verksemda sin økonomi har vore noko ustabil dei siste åra. Verksemda hadde negativ eigenkapital i 2017, og gjekk med underskot i 2017 og 2018. Likviditeten var låg i 2017 og soliditeten negativ same året. Likviditeten og soliditeten betra seg til 2018.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	343	-317	58
Inntekter	1 700	0	0
Resultat før skatt	-180	-428	1
Likviditet	1,13	0,2	2,09
Soliditet	13,54 %	-180,11 %	52,25 %

Fitjar kraftlag SA			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 371 partar ¹⁴	Føremålet til selskapet er å fremje interessene til innbyggjarane og verksemdar i konsesjonsområde (slik dette var per 1. januar 2018, seinare i vedtektene omtalt som "konsesjonsområde"), eige aksjar i selskap som driv nettverksemd, omsetja elektrisk energi, produsere energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg- eller selskap, eige, byggje og drive breibandnett og andre elektroniske kommunikasjonsløyser, eige, drive, yte midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet, delta i tiltak med allmenntytte føremål i konsesjonsområde, og yta gaver til tiltak med allmenntytte føremål i konsesjonsområdet.		
Nøkkelpunkt	Generelt sett er økonomien ¹⁵ til verksemda solid, og verksemda har hatt aukande eigenkapital og inntekter dei siste åra.		
<ul style="list-style-type: none"> • Omdøme • Samvirkeføretak • Vesentlege verdiar • Samfunnsansvar 	Selskapet har følgjande eigarinteresser som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10: <ul style="list-style-type: none"> • Haugaland kraft (3,73 %) • Midtfjellet vindkraft AS (3,31 %) 		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	103 904	98 186	92 551
Inntekter	72 480	57 431	54 901
Resultat før skatt	6 272	6 396	4 177

¹³ Årsrekneskap for 2019 er ikkje rapportert inn til Brønnøysundregisteret per august 2020, og revisor har ikkje tilgjengeleg rekneskapstal for 2019.

¹⁴ Det kjem fram i årsmeldinga til Fitjar Kraftlag SA for 2018 at det er totalt 3058 partar fordelt på 825 partseigarar.

¹⁵ Årsrekneskap for 2019 er ikkje rapportert inn til Brønnøysundregisteret per august 2020, og revisor har ikkje tilgjengeleg rekneskapstal for 2019.

Fitjar kraftlag SA			
Likviditet	1,54	1,45	1,78
Soliditet	63,45 %	66,65 %	64,49 %

Biblioteksentralen SA
Selskapet sitt føremål
 Eigardel: 1 lut

Biblioteksentralen SA skal mellom anna være eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek og hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar.

Nøkkelpunkt

Biblioteksentralen er eigd av landets kommunar, fylkeskommunar, Kommunenes landsforbund og Norsk Bibliotekforening. Nøkkeltala viser at samvirkeføretaket gjekk med underskot i 2018 og 2019. Samstundes viser rekneskapstala at Biblioteksentralen har ein høg eigenkapital og relativt jamne inntekter.

- Verksemnda har følgjande dotterselskap som fell utanfor kommunelova §§ 23-6 og 24-10:
- BS Eigedom AB20AS (100%)
 - BS Undervisning AS (100%)
 - Norsk bibliotektransport S (100%)
 - BS Lab AS (100%)
 - Edda bokhandel AS (100%)

Selskapet har også eigarinteresser i BS Eurobib AS (50 %), Bookbites AS (15 %) og Redia AS (36,7 %) som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	283 643	289 235	296 362
Inntekter	137 403	125 324	131 980
Resultat før skatt	-5 592	-7 127	58 822
Likviditet	5,1	4,58	4,91
Soliditet	92,73 %	63,53 %	62,58 %

Vestbo BBL
Selskapet sitt føremål
 Eigardel: 5 lutar

Vestbo BBL er eit samvirkeføretak som har til hovudføremål å skaffe bustadar til deleigarane gjennom burettslag eller på anna måte og å forvalte bustadar for deleigarane.

Nøkkelpunkt

Rekneskapstala viser at eigenkapitalen til verksemnda har auke monaleg dei siste tre åra, frå omlag 300 millionar i 2016 til om lag 467 millionar i 2018. I 2018 hadde verksemnda eit overskot på 151 162 kronar før skatt, mykje meir enn året før.

- Vestbo BBL har følgjande dotterselskap og eigarinteresser som ikkje fell inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10:
- Vestbo finans AS (100 %)
 - Vestbo garanti Holding AS (100 %)
 - Breivik brygge AS (100 %)
 - Konsul børsgate 14 AS (100 %)
 - Eiendomsservice Vest AS (100 %)
 - Vestbo eiendom AS (100 %)
 - Vestbo eiendomsforvaltning AS (100 %)

Vestbo BBL

- Landåstorget AS (100 %)
- Landåstorget parkering AS (100 %)
- Håsteinsgate næring AS (100 %)
- Landås utbygging AS (100 %)
- AS Stranggaten 196 (100 %)
- Garanti eiendomsmegling Molde AS (51 %)
-

Vestbo har også ein eigardel på 50 % eller mindre i følgjande selskap: Brennhaugen focus AS (50 %), Langheiane utvikling AS (50 %), Haukeland parkering AS (50 %), Strømme gard utbygging AS (50 %), Storhilmen Askøy AS (50 %), Lyderhornsvei 40 utbygging AS (50 %), Florvåg utbygging AS (50 %), Golfturn utbygging AS (50 %), Storbybolig AS (14,28 %), BBL datakompetanse AS (9,08 %) og Garanti eiendomsmegling Norge AS (4,76 %). Desse selskapa fell heller ikkje inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10.

Nøkkeltal¹⁶ (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	467 659	320 644	303 151
Inntekter	143 432	104 741	154 960
Resultat før skatt	151 162	21 064	27 025
Likviditet	2,34	1,88	1,83
Soliditet	65,65 %	59,76 %	61,63 %

Fitjar fjellsameige

Selskapet sitt føremål

Eigardel: 1,073 %

Føremålet til Fitjar fjellsameiege er å samle sameigarane i eit fellesskap for å forvalta utmarksressursane som ein del av landbruksnæringa på ein måte som skapar auka grunnlag for arbeid og inntekt innanfor ramma av langsiktig forvaltning.

Nøkkelpunkt

Det er ikkje rapport inn årsrekneskap til Brønnøysundregisteret dei siste åra.

- Omdøme

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)

Ikkje tilgjengeleg

4.3 Føretak, samarbeid og foreiningar

Kommunale føretak, vertskommunesamarbeid, stiftingar og foreiningar er ikkje omfatta av regelverket om eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon i selskap. Kommunale føretak og vertskommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon. Vi har likevel laga ei liste under for ulike samarbeid/interesser til kommunen:

Vertskommunesamarbeid:

- Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum (administrativt vertskommunesamarbeid, Stord er vertskommune)

¹⁶ Årsrekneskap for 2019 er ikkje rapportert inn til Brønnøysundregisteret per august 2020, og revisor har ikkje tilgjengeleg rekneskapstal for 2019.

- Sunnhordland interkommunale barnevernsteneste (administrativt vertskommunesamarbeid, Stord er vertskommune)
- PPT (administrativt vertskommunesamarbeid, Stord er vertskommune)
- Stord Fitjar Landbruk- og miljøkontor (administrativt vertskommunesamarbeid, Fitjar er vertskommune)
- Vassområde Sunnhordland (administrativt vertskommunesamarbeid, Fitjar er vertskommune)

Stiftingar:

- Stiftinga havnauset
- Stiftinga Kystkultur no!

Andre:

- Friluftsrådet vest
- Håkon den Gode – Fitjar

5. Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde

Basert på analysane og funna knytt til selskapa der Fitjar kommune har eigarskap (kapittel 4), presenterer vi i dette kapitlet vurderingane av kor i Fitjar kommune si eigarskapsforvaltning det er risiko for at kommunen ikkje utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing, både overordna sett og for enkelte selskap der kommunen har eigarinteresser.

Typiske risikoområde som blir undersøkt og vurdert i ein eigarskapskontroll inkluderer system og rutinar for oppfølging av eigarskap, rutinar for val av styrerepresentantar, opplæring av styrerepresentantar og rapportering til kommunestyret.

Dersom ein gjer forvaltningsrevisjon i eit selskap (sjå kap. 4) vil ein også kunne slå denne saman med ein eigarskapskontroll, ved å legge til desse problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

Dei identifiserte risikoområda/-selskapa er sett opp i uprioritert rekkjefølgje. Det er kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere val av og rekkjefølgje for eigarskapskontrollane i planen som blir lagt fram for kommunestyret.

Tabellen under viser identifiserte risikoområda/-selskap knytt til kommunen si eigarskapsforvaltning. Vi tar atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert.

Tabell 8: Identifiserte risikoområder knytt til kommunen si eigarskapsforvaltning

Område/selskap	Eigardel	Observasjonar	Risikoområde
Overordna eigarskapsforvaltning i kommunen	IA	<p>Kommunen skal etter ny kommunelov utarbeide eigarskapsmelding som vedtakast av kommunestyret minst ein gong i valperioden (§ 26-1).</p> <p>Fitjar kommune utarbeider årleg ein selskapsoversikt der det går fram nøkkelinformasjon om kommunen sine eigarskap. Revisjonen har fått tilsendt oversikta for 2018, handsama hausten 2019. I denne går det fram kort nøkkelinformasjon om kvart eigarskap, inkludert med omsyn til mål, strategi og historikk.</p> <p>Det er generelt ei utfordring med transparens og demokratisk styring når forvaltningsoppgåver blir lagt i selskap. Det er også risiko for fragmentering og manglande oversikt når ein set ut heile eller delar av eit tenesteområde til andre kommunar/selskap.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for oppfølging av eigarskap • Rutinar for val av styrerepresentantar • Opplæring av styrerepresentantar og • Rapportering til kommunestyret
Eigarskapsforvaltning av interkommunale selskap	Varierende	<p>Fitjar kommune er med i ulike interkommunale selskap (Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Sunnhordland interkommunale legevakt, Sunnhordland interkommunale miljøverk, Interkommunalt arkiv i Hordaland, Krisesenter vest, Driftsassistansen i Hordaland – vann og avløp). Sjølv om det blir vist til at fleire av desse</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Styring og kontroll • Organisering og drift • Økonomi og budsjett • Tilfredsstillande tilbod til brukarar

		samarbeida er naudsynte, blir det frå både politisk og administrativ leing peikt på at kommunen har lite påverknad på drifta i selskapa, då avstanden til dei er stor, og at det slik er risiko knytt til samarbeida både med omsyn til drift og økonomi.	
Eigarskapskontroll av Fitjar kultur og idrettsbygg AS	79,37 %	Føremålet til selskapet er å eige og drive eit allsidig kultur- og idrettsbygg til det beste for innbyggjarane i Fitjar kommune.	<ul style="list-style-type: none"> • Organisering og styring • Økonomi og drift • Tilfredsstillande tilbod til brukarar
		Bedrifta er eigd av Fitjar kommune (79,37 %), Fitjar kraftlag SA (10,59 %) og nokre private aktørar.	
		I fleire intervju blir det stilt spørsmål ved om organiseringa og drifta av selskapet er føremålstenleg sett frå kommunen si side, og det blir foreslått at det blir gjort eigarskapskontroll og/eller forvaltningsrevisjon av selskapet.	
Eigarskapskontroll av Sunnhordland interkommunale legevakt IKS	9,2 %	Legevakta er ein samfunnskritisk teneste, drifta som eit interkommunalt selskap. Det blir i intervju vist til at kostnadane med å vere med er høge for Fitjar.	<ul style="list-style-type: none"> • Organisering og styring • Økonomi og drift
Eigarskapskontroll av Opero AS	6,04 %	Selskapet er eigd av fleire kommunar, fylkeskommunen og Sør-Norge Aluminium AS og skal levere tenester til personar med behov for tilrettelagt arbeid.	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for oppfølging av selskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen
		Selskap innan dette feltet har ofte utfordrande driftsvilkår, og skal drive delvis i konkurranse med andre, med krav til internkontroll og HMT. Tilbodet krev også god og tett oppfølging av brukarane.	
Eigarskapskontroll av Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS	5,93 %	Selskapet er eigd av fleire kommunar, og leverer samfunnskritiske tenester. Selskapet ser ut til å ha ein relativt stabil drift. Det er åtte år sidan siste selskapskontroll.	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for oppfølging av selskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen
Eigarskapskontroll av Vann vest AS	5,556 %	Selskapet er eigd av fleire kommunar, og leverer samfunnskritiske tenester.	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for oppfølging av selskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen
Eigarskapskontroll av Krisesenter vest IKS	1,79 %	Selskapet er eigd av fleire kommunar, og leverer kritiske teneste til ein svært sårbar brukargruppe. Det er uvisst korleis økonomien i selskapet er.	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for oppfølging av selskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen

6. Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn

6.1 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskaps-/eigarskapskontrollar

6.1.1 Forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda

I 2019-2020 blir det gjennomført forvaltningsrevisjon av saksførebuing, vedtaksoppfølging og byggesakshandsaming i Fitjar kommune.

- Forvaltningsrevisjon av IKT-tenester – 2018
- Forvaltningsrevisjon av psykisk helsearbeid og rusomsorg – 2016
- Forvaltningsrevisjon av personalforvaltning og HMT - 2013
- Forvaltningsrevisjon av ressursbruk innan pleie- og omsorgstenestene - 2011
- Forvaltningsrevisjon av arealplanlegging - 2010
-

6.1.2 Forvaltningsrevisjon i selskap

- Selskapskontroll av Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS – 2012
- Selskapskontroll av eigarskapsforvaltninga - 2009

6.1.3 Eigarskapskontroll

Selskapskontrollane nemnt over omfatta også eigarskapskontroll.

6.2 Tilsyn

Det er gjennomført fleire tilsyn dei siste åra. Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med kommunal beredskapsplikt i 2019, tilsyn med behandling om søknader om økonomisk stønad etter sosialtenestelova, for personar med forsyttaransvar for barn i 2019, tilsyn med barnehagemyndigheita sikrar at barn med nedsett funksjonsevne får individuell tilrettelegging i barnehagen i 2019 og tilsyn med miljøretta helsevern i barnehagar og skular i 2019. Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte i 2016 tilsyn av tvungen helsehjelp etter lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A ved Fitjar bu- og behandlingssenter i Fitjar kommune.

7. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar

På bakgrunn av dei analysar og risikovurderingar som er gjennomførte, er det identifisert fleire område som etter Deloitte si vurdering kan representere høg risiko, og kor kontrollutvalet bør vurdere å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar i Fitjar kommune.

Forslaget dannar grunnlag for prioriteringa som kontrollutvalet skal gjere. Kontrollutvalet står fritt til å leggje til og endre på prosjekta som er skissert under.

7.1 Forvaltningsrevisjon

7.1.1 Prosjekt som er kategorisert som høg risiko (raude)

Tabell 9: Raude prosjekt

Prosjekt	Tema
Bemanning, personal og sjukefråvær	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar• Kapasitet og kompetanse• Oppfølging av sjukemeldte• Vikarbruk• Rekruttering
Internkontroll og kvalitetssystem	<ul style="list-style-type: none">• Tilfredsstillande internkontroll• Bruk av kvalitetssystem• Gjennomføring av risikovurderingar• Melding og oppfølging av avvik
Arkiv og offentlegheit	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar• Kapasitet og kompetanse• Regeletterleving• Rutinar og retningslinjer for arkivering og journalføring
Innkjøp	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar• Kapasitet og kompetanse• Regeletterleving
Investeringar	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar• Kapasitet og kompetanse• Budsjettering• Prosjektleiing
Interkommunale samarbeid	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar• Kapasitet og kompetanse• Styring og kontroll• Budsjettering og løyvingar• Kvalitet i tenestene
Kvalitet i grunnskulen	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar• Kapasitet og kompetanse• Kvalitet i tenestene
Tilpassa opplæring og spesialundervisning	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar• Kapasitet og kompetanse• Etterleving av opplæringslova og forvaltningslova• Samarbeid med PPT på individ- og systemnivå
Kvalitet i barnehage	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar• Kapasitet og kompetanse• Kvalitet i tenestene
Kultur	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar• Kapasitet og kompetanse• Planlegging

Plan- og byggesak	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Kapasitet og kompetanse • Regeletterleving • Service, råd, rettleiing
Barnevern ¹⁷	<ul style="list-style-type: none"> • Regeletterleving • Tidleg innsats/førebygging • Barnevernssamarbeid
Institusjons- og heimeteneste	<ul style="list-style-type: none"> • Personalforvaltning • Rekruttering og vikarbruk • Bruk av omsorgstrappa • Kapasitet og kompetanse • Ressursbruk • Kvalitet i tenestene
Legevakt og legetenester	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Kapasitet og kompetanse • Styring og kontroll • Budsjettering og løyvingar
Rus og psykisk helse	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Kapasitet og kompetanse • Kvalitet i tenestene
Sosiale tenester/NAV	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Kapasitet og kompetanse • Kvalitet i tenestene
Fitjar kultur og idrettsbygg AS ¹⁸	<ul style="list-style-type: none"> • Organisering og styring • Økonomi og drift • Tilfredsstillande tilbod til brukarar
Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS	<ul style="list-style-type: none"> • Verksemdstyring • Internkontroll • Økonomistyring
Krisesenter vest IKS	<ul style="list-style-type: none"> • Verksemdstyring • Internkontroll • Økonomistyring

7.1.2 Andre prosjekt (gule)

Tabell 10: Gule prosjekter

Prosjekt
Saksførebuing og vedtaksoppfølging
Informasjonstryggleik, personvern og digitalisering
Beredskap
Berekraft, klima og miljø
Trygt og godt skulemiljø
Vatn, avlaup og renovasjon
Drift og vedlikehald av kommunale bygg
Brannvern
Kommunale bustader

¹⁷ Jf. kommunelova § 20-9, er det kontrollutvalet i vertskommunen som førar kontroll med verksemda i verstkommunesamarbeidet på vegner av deltakarane. Fitjar kommune kan likevel gjere forvaltningsrevisjon av dei delane av verksemda i verstkommunesamarbeidet som gjeld Fitjar.

¹⁸ Selskapet er ikkje omfatta av kontrollutvalet og revisjonen si innsynsrett etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Ein eventuell forvaltningsrevisjon av selskapet avheng difor av at kommunen sin revisor enten er gitt innsynsrett i selskapet sine vedtekter, at styret gir slik innsynsrett på førespurnad, eller at eigarorganet vedtek at selskapet skal gje slikt innsyn.

7.2 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll kan inngå som ein del av ein forvaltningsrevisjon av selskap (sjå førre liste), eller den kan gjennomførast som eigne prosjekt der fokuset berre er på kommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap.

Tabell 11: Aktuelle prosjekt

Prosjekt	Tema
Eigarskapsforvaltning (overordna)	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av eigarskapa<ul style="list-style-type: none">◦ Eigarmelding◦ Eigarstrategi◦ Eigaroppfølging• Rutinar for val av styrerepresentantar• Opplæring av styrerepresentantar• Rapportering til kommunen
Eigarskapsforvaltning av interkommunale selskap	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av eigarskapet<ul style="list-style-type: none">◦ Eigarmelding◦ Eigarstrategi◦ Eigaroppfølging• Val og opplæring av styrerepresentantar• Rapportering til kommunen• Styring og kontroll• Organisering og drift• Økonomi og budsjett• Tilfredsstillande tilbod til brukarar
Fitjar kultur og idrettsbygg AS	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av eigarskapet• Val og opplæring av styrerepresentantar• Rapportering til kommunen• Organisering og styring• Økonomi og drift
Sunnhordland interkommunale legevakt IKS	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av eigarskapet• Val og opplæring av styrerepresentantar• Rapportering til kommunen• Organisering og styring• Økonomi og drift
Opero AS	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av selskapet• Val og opplæring av styrerepresentantar• Rapportering til kommunen
Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av selskapet• Val og opplæring av styrerepresentantar• Rapportering til kommunen
Vann vest AS	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av selskapet• Val og opplæring av styrerepresentantar• Rapportering til kommunen
Krisesenter vest IKS	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av selskapet• Val og opplæring av styrerepresentantar• Rapportering til kommunen



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2020 Deloitte AS



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2019/128-6
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	20/20	14.09.2020

Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Prosessmøte 2

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for eigarskapskontroll så langt til orientering
2. Endeleg forslag til plan for eigarskapskontroll skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet, møtedato vert avklart i dette møte

Samandrag

Føremålet med denne saka er å gjera greie for neste trinn i kontrollutvalet sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) som skal ligge til grunn for plan for eigarskapskontrollen for denne perioden. Kontrollutvalet skal i møtet gjennomføre si endelege prioritering til plan for eigarskapskontroll. Innstilling i høve plan for eigarskapskontroll skal så handsamast i neste møte i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 45/19 i møte 19.12.2019

«Vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar av eigarskapen i Fitjar kommune, samt utarbeide forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024.*
2. *Forslag til prosjektplan av november 2019, ligg til grunn.*
3. *Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2020 og at prosessmøte 2 vert gjennomført i andre møte i kontrollutvalet i 2020*
4. *Det er ei målsetting at forslag til plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 skal leggjast fram for kommunestyret i mai eller juni møtet.»*

Kontrollutvalet gjennomførte prosessmøte 1 i møte 27.02.2020, PS 3/20, der dette vart vedteke:

«Vedtak

Kontrollutvalet tar, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande eigarskapskontroll så langt til orientering.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 ligg føre, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til kommunestyret, som vedtar planen, jf. kommunelova § 23-4.

Vurderingar og verknader

I dette møtet har Deloitte lagt opp til å gjennomføre «Prosessmøte 2» som i den godkjende prosjektplanen vert omtala slik:

«Føremålet med det andre prosessmøtet er at kontrollutvalet skal gjennomføre si endelege prioritering til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Som eit grunnlag for diskusjonen i møtet vil analysedokumenta bli ferdiggjort og lagt fram for kontrollutvalet i god tid før møtet. I dokumenta vil alle data som er samla inn bli presentert i ei risikovurdering, inkludert dei data som blei samla inn frå kontrollutvalet i prosessmøte 1. På bakgrunn av risikoanalysen vil det gå fram kva område det er knytt størst risiko til. Det er kontrollutvalet som i prosessmøtet skal prioritere og vurdere dei ulike risikoområda og avgjere kva område og selskap som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon, og **kva eigarskap ein skal prioritere å gjere eigarskapskontroll med.»**

På bakgrunn av det som går fram over ligg analysedokument frå Deloitte ved som vedlegg til denne saka. Dette vil danne utgangspunktet for diskusjonen i prosessmøte 2 som vert leia av Deloitte. Det er både naturleg og praktisk at dette prosessmøtet vert gjennomført rett etter og/eller parallelt med arbeidet som skal gjennomførast innan analyse og plan for forvaltningsrevisjon, jf. anna sak til dette møtet.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet, på bakgrunn av prosessmøte 2, tek forslag til prioritering av plan for eigarskapskontroll så langt til orientering. Sak om endeleg forslag til plan for eigarskapskontroll skal handsamast i møte i kontrollutvalet i oktober.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2020/174-1
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	21/20	14.09.2020

Budsjett 2021 for kontrollutvalet

Forslag til innstilling

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Fitjar kommune.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2021.

Samandrag

Kontrollutvalet har ansvar for utarbeiding av forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følgje innstillinga til årsbudsjett til kommunestyret, som gjer endeleg vedtak i budsjettsaka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I forskrift for kontrollutvalg og revisjon kan ein i § 2 «*Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollarbeidet*» står det:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

I reglement for kontrollutvalet, som er vedteke av kommunestyret 29.10.2019 står det mellom anna:

Kontrollutvalet har eige budsjett og er budsjettansvarleg. Leiar eller nestleiar har fullmakt til å tilvise rekningar for kontrollutvalet.

I tråd med forskrifta og reglementet fremjar kontrollutvalet med dette sitt forslag til budsjett for 2021. I budsjettframlegget bereknar kontrollutvalet kostnad med dei oppgåver budsjettet skal dekkja. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det eigentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet, i budsjettsaka, innstilla direkte overfor politisk organ.

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i avtalen med ekstern revisor. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekkja både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. For 2021 er det budsjettert med auke i tråd med SSB sine berekningar. Det er budsjettert med same sum for vårhalvåret og hausthalvåret, men kostnad for hausthalvåret er usikker ettersom gjeldande avtalen utgår 30.06.2021.

Vidare er det lagt til grunn 5 møte i kontrollutvalet i 2021, med om lag like stor saksmengde som inneverande år. Det er vidare lagt inn kostnader med kurs, og at medlemmane i kontrollutvalet kan delta på fagkonferansar samt servering på utvalsmøta. Elles er det lagt inn møtategtgjersle og tappt arbeidsforteneste i tråd med godtgjerslereglementet til kommunen.

Budsjettposten som gjeld sekretariatstenester for kontrollutvalet er sett opp ut frå planlagt aktivitet og tal møte. Kostnader er berekna i tråd med avtale som er inngått mellom Fitjar kommune og Vestland fylkeskommune (Hordaland fylkeskommune), gjeldande frå 01.01.2017. Kvart fjerde år er det ekstra kostnader knytt til ny avtaleperiode for revisjon. Det er såleis budsjettert med 30 t. ekstra relatert til det i 2021.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet skal utarbeide budsjettforslag for kontrollarbeidet, medan det er kommunestyret som har vedtakskompetansen i saka, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

§ 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak

- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

§ 23-3. Forvaltningsrevisjon

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

§ 23-4. Eierskapskontroll

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Formuleringane i desse paragrafane viser at hovudoppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføra prosjektarbeid ut frå dei planar som kommunestyret har vedteke. I 2020 vert det etter kommunelova utarbeida nye planar.

I kontrollutvalet sitt budsjett bør det leggest inn midlar til å gjennomføra prosjekt innan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i tråd med planane. Ut frå gjeldande planar vil prosjektarbeid krevje ei ramme på omlag 300 timar for kommunar med Fitjar kommune sin storleik.

Erfaring frå kommunane dei siste åra viser at det kjem til prosjekt, som kontrollutvalet vert oppmoda om å sjå på, og som ikkje er med i planar for forvaltningsrevisjon / eigarskapskontroll. Dette har ofte ført til kostnader som har medført at kontrollutvalet har måtta be om ekstra midlar / ekstraløyving. Sekretariatet meiner difor at det vil vera rett å leggja inn i budsjettet ein post for ekstra tiltaksmidlar.

Dette vil vera midlar som er tenkt til ev. ad-hoc oppgåver, til dømes tiltak som måtte koma til utanom prosjekt frå planane og til utgreiingar som kontrollutvalet finn naudsynt å gjennomføra undervegs i året. Grunngeving for slike ekstra oppgåver kan t.d. vera henvendingar frå innbyggjarar, medieoppslag eller bestillingar frå kommunestyret som ikkje står i godkjend plan.

Konklusjon

På slik bakgrunn tilrår sekretariatet at kontrollutvalet godkjenner framlegget til budsjett. Budsjettframlegget skal så følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Det

er kommunestyret som skal gjera endeleg vedtak når det gjeld budsjett for kontrollarbeidet i Fitjar kommune.

Budsjettforslag for kontrollutvalet i Fitjar kommune for 2021

Konto	Tekst	Rekneskap 2019	Budsjett forslag 2020	Vedteke budsjett 2020	Budsjett forslag 2021
10803	Godtgjersle folkevalde	kr 30 129	kr 53 352	kr 53 352	kr 53 352
10804	Tapt arbeidsforteneste	kr -	kr 10 000	kr 10 000	kr 10 000
10804	Feriepenger tapt arbeidsforteneste	kr -	kr 1 200	kr 1 200	kr 1 200
	Delsum	kr 30 129	kr 64 552	kr 64 552	kr 64 552
10990	Arbeidsgiveravgift (AGA)	kr 4 248	kr 9 102	kr 9 102	kr 9 102
	Delsum	kr 34 377	kr 73 654	kr 73 654	kr 73 654
11008	Faglitteratur / abonnement	kr 2 125	kr 2 000	kr 2 000	kr 2 000
11152	Servering møter / kurs, representasjon	kr 1 437	kr 2 500	kr 2 500	kr 2 500
11500	Kurs og folkevaldopplæring	kr -	kr 30 000	kr 30 000	kr 10 000
11600	Skyss- og kostgodtgjersle	kr -	kr 10 000	kr 10 000	kr 10 000
11951	Kontingent	kr 3 500	kr 3 500	kr 3 500	kr 3 500
12702	Andre konsulentten./ ekstra tilt.midlar	kr -	kr 50 000	kr 50 000	kr 50 000
13500	Kjøp fylkeskom. sekretariatstenester	kr 138 981	kr 143 875	kr 143 875	kr 178 075
13700	Revisjonstenester reknesk.revisjon	kr 197 124	kr 140 863	kr 140 863	kr 142 694
13700	Revisj.ten. forvaltn.rev./eigarskapskontr.	kr 162 702	kr 375 514	kr 315 514	kr 380 483
	Delsum	kr 505 869	kr 758 252	kr 698 252	kr 779 252
14290	Meirverdiavgift	kr 98 349	kr 193 688	kr 100 470	kr 196 988
17290	Moms-kompensasjon	kr -98 349	kr -193 688	kr -100 470	kr -196 988
	Total budsjettramme	kr 540 246	kr 831 906	kr 771 906	kr 852 906



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2014/34-36

Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	22/20	14.09.2020

Ekstern revisor og ny konkurranse - fullmakt til kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Fitjar kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2021. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument
- Knytte til seg naudsynt hjelp.
- Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

Samandrag

Det er kommunestyret sjølv som vel revisor for kommunen. Vedtaket vert gjort etter innstilling frå kontrollutvalet, som gjennomfører prosessen fram til val av revisor.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fitjar kommune nyttar konkurranseutsetting av revisjonstenestene. Noverande avtaleperiode for revisjonstenester for kommunen gjeld til og med revisjon av rekneskapen for 2020, det vil seie til og med 30.6.2021. Frå 1.7.2021 må revisor for ny avtaleperiode vere på plass. Det er dermed på tide med oppstart av prosess med ny konkurranse i høve kjøp av revisjonstenester. Det vert tilrådd at kommunestyret gjev kontrollutvalet nokre fullmakter gjeldande denne konkurransen.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å gjennomføre prosess med konkurranseutsetting av revisjonstenestene og lage innstilling til kommunestyret på val av revisor, medan det er kommunestyret sjølv som gjer vedtak, jf. kommunelova § 24-1.

Vurderingar og verknader

Noverande revisjonsordning – kontraktperiodar mv.

Kommunelova § 24-1 omhandlar val av revisor. Det står mellom anna dette:

«Kommunestyret og fylkestinget velger selv revisor. Vedtaket treffes etter innstilling fra kontrollutvalget.»

Når lova nyttar formuleringa «kommunestyret selv», inneber det at avgjerda ikkje kan delegerast.

Kontrollutvalet er av lovgjevar tildelt ein sentral plass i denne prosessen i og med at kommunestyret skal gjere vedtak etter innstilling frå utvalet. Det er sekretariatet til kontrollutvalet som førebur saka for kontrollutvalet jamfør forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 7:

«Sekretariatet skal forberede sakene for kontrollutvalget og påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet. Sekretariatet skal også påse at kontrollutvalgets vedtak blir iverksatt.»

Ny kontraktperiode skal starte frå 1.7.2021. For at ein skal rekke å kome gjennom alle stega i innkjøpsprosessen innan den tid må arbeidet starte opp relativt raskt, og det er heilt avgjerande for gjennomføringa at kontrollutvalet får tildelt fullmakter for å gjennomføre prosessen.

Sjølve revisjonsordninga.

Ordførar i Stord kommune har i epost av 17.08.20 informert om at:

«Samarbeidsrådet for Sunnhordland har sidan i fjor diskutert etablering av interkommunal revisjonsteneste i Sunnhordland. Det er ikkje konkludert i saka enno, og saka skal opp att i Samarbeidsrådet sitt første møte i haust, 4. september.»

Kor vidt sunnhordlandskommunane vil etablere interkommunal revisjonsteneste, er eit spørsmål som bør vera avklart før kommunestyret handsamar sak om konkurranseutsetjing av revisjonstenester for neste periode og ev. gjev kontrollutvalet fullmakt til gjennomføring av konkurransen.

Eg vil difor komma tilbake til dykk så snart som mogleg etter Samarbeidsrådet sitt møte 4. september.»

Protokoll frå møte i Samarbeidsrådet var ikkje kjent då denne saka vart skriven. Saka til kontrollutvalet er derfor førebudd sik den først var tenkt, men sjølv sagt med tilleggsopplysning om

kva ordførar i Stord kommune har meddelt. Sekretariatet har bede om å bli orientert, slik at opplysningar kan leggest fram til kontrollutvalet sitt møte 14.09.2020.

Konklusjon

Det vert tilrådd å gje fullmakt til kontrollutvalet til å gjennomføre prosessen med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for Fitjar kommune, men at det er kommunestyret som til slutt gjer vedtak om val av revisor.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2019/138-9
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	23/20	14.09.2020

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig for å halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar ein gjennomgang av disse.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Fitjar kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Kjell Aleksander Skogsrud
Formannskapet	Bjørge Tislevoll
Utval for plan og miljø	Gro Rydland
Utval for oppvekst og omsorg	Jostein Sandvik
Viltnemnda	Frank Solli

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Utvalsmedlemmane vert bedne om å sjå gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå til dette møtet.

Politisk organ:	Møtedatoar:
Kommunestyret	17.06.20, 03.07.20 og 24.08.20
Formannskapet	10.06.20 og 26.06.20
Utval for plan og miljø	09.06.20 og 08.09.20
Utval for oppvekst og omsorg	02.06.20
Viltnemnda	Ingen nye møter

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgang av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2020/64-3
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	24/20	14.09.2020

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet si mogelegheit til sjølv å ta opp saker eller for å gje utvalet mogelegheit til å gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalet 27.02.2020 i PS 7/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet med saka er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Saka kan utover dette nyttast til å be om orienteringar frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

Referatsaker

RS 5/20 Etterlevelseskontroll 2019 - Fitjar kommune

Til

Kontrollutvalget i Fitjar kommune

UAVHENGIG REVISORS ATTESTASJONSUTTALELSE OM ETTERLEVELSE AV BESTEMMELSER OG VEDTAK FOR ØKONOMIFORVALTNINGEN

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Fitjar kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen.

Vi har kontrollert perioden fra 01.01.2019 – 31.12.2019.

Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Kommunedirektøren er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneholder uavhengighetskrav og andre krav basert på grunnleggende prinsipper om integritet, objektivitet, faglig kompetanse og tilbørlig aktsomhet, fortrolighet og profesjonell opptreden.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og forenklet revisorkontroll av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester) har Deloitte AS et tilstrekkelig kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning.

Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleves. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi blitt oppmerksomme på forhold som gir oss grunn til å tro at Fitjar kommune i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i regelverket.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt ansvar med økonomiforvaltningen og til Fitjar kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål.

Haugesund, 28. august 2020
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor



Skatteetaten

Datoen vår
17.02.2020

Datoen dykkar

Sakshandsamar
Hildegunn Brekke

800 80 000
Skatteetaten.no

Referansen dykkar

Telefon
97002038

Org.nr
974761076

Referansen vår
2019/6817000

Postadresse
Postboks 9200 Grønland
0134 OSLO

Kommunestyret i Fitjar kommune
fitjar@fitjar.kommune.no

Kontrollrapport 2019 vedkomande skatteoppkrevjaren for Fitjar kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingslova og "Instruks for skatteoppkrevere" av 8. april 2014.

Skatteetaten har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane. Det betyr at Skatteetaten:

- pliktar å gje rettleiing og bistand i faglege spørsmål
- gjennom mål- og resultatstyring søker å leggje til rette for best mogeleg resultat
- utfører kontroll av skatteoppkrevjaren

Grunnlaget for Skatteetaten sin styring av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkrevere" av 1. januar 2014. Grunnlaget for Skatteetaten sin kontroll av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkrevere" av 16. mai 2018.

Føremålet med kontrollen er å avklare:

- om skatteoppkrevjaren har ein tilfredsstillande internkontroll for utføringa av sine gjeremål
- om føring av rekneskapen, rapporteringa og avlegginga av årsrapporten og årsrekneskapen er i samsvar med gjeldande regelverk
- om utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølging av restansane er i samsvar med gjeldande regelverk
- om utføringa av arbeidsgjevarkontrollen er i samsvar med gjeldande regelverk

2. Om skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjarkontoret omfattar kommunane Stord og Fitjar.

Sum årsverk i samsvar med skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2019	Tal årsverk 2018	Tal årsverk 2017
0,7	0,7	0,7



3. Måloppnåing

Skatte- og avgiftsinngang

Skatteoppkrevjaren sin frist for avlegging av årsrekneskapen og årsrapporten er 23. januar 2020. Skatteetaten har motteke dette innan fastsett frist.

Årsrekneskapen for Fitjar kommune viser per 31. desember 2019 ein endeleg skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) og vidaresending plassering mellom kommunar på kr 360 905 028 og uteståande restansar² på kr 2 526 415.

Innkrevjingsresultata

Tabellen viser innkrevjingsresultata per 31. desember 2019 for Fitjar kommune.

	Resultatkrav 2019 (i %)	Innbetalt av sum krav 2019 (i %)	Innbetalt av sum krav 2018 (i %)	Innbetalt av sum krav samla for heile landet 2019 (i %)
Restskatt personlege skattytarar 2017	96,30 %	95,10 %	97,17 %	96,26 %
Forskotstrekk 2018	99,90 %	100,00 %	100,00 %	99,95 %
Forskotskatt personlege skattytarar 2018	99,00 %	99,61 %	99,55 %	99,40 %
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2018	99,80 %	100,00 %	100,00 %	99,91 %
Restskatt upersonlege skattytarar 2017	99,00 %	100,00 %	98,89 %	98,97 %
Arbeidsgjevaravgift 2018	99,80 %	100,00 %	100,00 %	99,84 %

4. Skatteetaten sin kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteetaten sin kontroll av skatteoppkrevjarane vert utført i samsvar med ein årleg plan, der behovet for kontroll av områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll vert vurdert overordna for kvar skatteoppkrevjar. Alle område vil derfor nødvendigvis ikkje bli kontrollert kvart år.

Skatteetaten har for 2019 utført kontorkontrollar av skatteoppkrevjaren for områda skatterekneskap og innkrevjing.

Det er ikkje gjennomført stadleg kontroll i 2019.

Skatteoppkrevjaren sin overordna internkontroll

Basert på dei kontrollane som Skatteetaten har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalte debetkrav



Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapen

Basert på dei kontrollane som Skatteetaten har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegging av årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

Skatte- og avgiftsinnkrevjing

Basert på dei kontrollane som Skatteetaten har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

Arbeidsgjevarkontroll

Ein nærare kommentar av Skatteetaten sin kontroll og oppfølging av arbeidsgjevarkontrollen går fram av vedlegget til denne kontrollrapporten.

5. Skatteetaten sin oppfølging av skatteoppkrevjaren

Skatteetaten har hatt styringssamtale med skatteoppkreivar 30. oktober 2019. Tema i samtalen var resultatoppnåing, faglege tilbakemeldingar på arbeidet med internkontroll, innkrevjing og skatterekneskap, samlingar og kurs, samt informasjon frå skatteoppkreivar om ressursituasjonen, kompetanse og endringar på kontoret.

Dette er siste året kommunestyret vil motta denne kontrollrapporten for skatteoppkrevjinga i kommunen. Stortinget vedtok 13. desember 2019 at skatteoppkreivarfunksjonen skal overførast til Skatteetaten frå 1. juni 2020.

Fram til 1. juni 2020 er det kommunane som har ansvaret for skatteoppkrevjinga. Kommunar som får ressursutfordringar på skatteoppkrevjingsområdet fram til overføringa 1. juni 2020, må søke støtte hos andre kommunar, og aktuelle kommunar bør ha ein beredskapsplan for dette. Tilstreккеleg kompetanse og ressursar i skatteoppkreivarfunksjonen er eit avgjerande bidrag for å løyse samfunnsoppdraget; å sikre eit finansielt hovudgrunnlag for offentleg verksemd.

Med helsing

Frode Gunleksen

underdirektør

Innkrevjing, oppfølging skatteoppkrevere

Skatteetaten

Else-Gunn Polland Halvorsen



For ettertida kan spørsmål til Skatteetaten om oppfølging av skatteoppkrevjarane rettast til:

- oppfolging-skatteoppkrever@skatteetaten.no for skatterekneskaps- og innkrevjingsområdet
- SKOstyringAGK@skatteetaten.no for arbeidsgjevarkontrollområdet

Kopi til:

Skatteoppkrevjaren for Fitjar kommune

Kontrollutvalet for Fitjar kommune

Rådmann/administrasjonssjef for Fitjar kommune

Riksrevisjonen

Vedlegg: Resultat og styringsinformasjon vedkomande arbeidsgjevarkontrollen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje handskrivne signaturar.

Fra: Helge Inge Johansen (Helge.Inge.Johansen@vlfk.no)

Sendt: 07.09.2020 14:11:37

Til: Helge Inge Johansen

Kopi:

Emne: VS: Svar fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal på spørsmål om revisor kan delta digitalt på kontrollutvalgets møter uten at møtet dermed må defineres som et fjernmøte

Vedlegg:

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>

Sendt: onsdag 26. august 2020 10:28

Til: Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>

Emne: Svar fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal på spørsmål om revisor kan delta digitalt på kontrollutvalgets møter uten at møtet dermed må defineres som et fjernmøte

Til sekretariatsmedlemmer v/daglig leder

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal stilte spørsmål til Fylkesmannen i Møre og Romsdal om et møte i kontrollutvalget må defineres som fjernmøte dersom revisor deltar via digitale verktøy?

Fylkesmannen i Møre og Romsdal svarer:

“Hovedregelen er at folkevalgte organ treffer sine vedtak/avgjørelser i møter. Med møte menes fysisk nærvær av de deltakende medlemmer jf. § 11-2. I koml. § 11-7 er det gjort unntak fra dette prinsippet. Det fremgår av koml. § 11-7 at kommunestyret kan beslutte at folkevalgte organ skal ha adgang til å holde møter som fjernmøte. Det er videre vist til at et fjernmøte innebærer at deltakerne ikke sitter i samme lokale, men at de kan se, høre og kommunisere med hverandre. Dersom det folkevalgte organ som sådan avholder et ordinært møte, men revisor deltar via digitale løsninger, er det vår tolkning at møtet ikke er å betrakte som et fjernmøte. Bakgrunnen for dette er at når bestemmelsen referer til deltakerne er det i hovedsak en henvisning til utvalgsmedlemmene i det folkevalgte organet. Der revisor er pålagt å delta i møter, er revisor likevel ikke å betrakte som en deltaker av det aktuelle utvalget. Revisors møteplikt er hjemlet i egne bestemmelser.”

Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær



FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post:fkt@fkt.no | Tlf.:41471166

www.fkt.no | www.twitter.com/@FKT_no www.facebook.com/FKT.no/

FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat

Fra: Helge Inge Johansen (Helge.Inge.Johansen@vlfk.no)

Sendt: 07.09.2020 14:11:09

Til: Helge Inge Johansen

Kopi:

Emne: VS: Svar fra departementet på spørsmål om evt. gjeninnføring av midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner og fylkeskommuner for å begrense spredning av Covid-19

Vedlegg:

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>

Sendt: fredag 21. august 2020 16:29

Til: Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>

Emne: Svar fra departementet på spørsmål om evt. gjeninnføring av midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner og fylkeskommuner for å begrense spredning av Covid-19

Til FKTs sekretariatsmedlemmer v/daglig leder

På grunn av oppblomstringen av Covid-19 viruset, har FKT fått flere henvendelser fra medlemmer som ønsker svar på om departementet vil vurdere å gjeninnføre den midlertidige forskriften om fjernmøter.

Departementet svarer følgende i e-post til FKT i dag:

“Departementet har ikke pr. nå konkrete planer om å gjeninnføre den midlertidige forskriften. Det innebærer at det er kommuneloven § 11-7 som regulerer adgang til og gjennomføring av fjernmøter. Etter denne bestemmelsen er det kommunestyret selv som må beslutte at andre folkevalgte organer skal ha adgang til å holde møter som fjernmøte. Det betyr at et kontrollutvalg ikke kan avholde et møte som fjernmøte før kommunestyret eventuelt har vedtatt slik adgang.

Hvis det er enkelte medlemmer av kontrollutvalget som ikke kan delta i et fysisk møte fordi de tilhører risikogruppen, vil det være et gyldig forfall til møtet. Det må da innkalles et tilstrekkelig antall varamedlemmer. I den forbindelse vil vi minne om kravene til vedtaksførhet og avstemninger, som ikke krever mer enn at minst halvparten av medlemmene har avgitt stemme i den aktuelle saken, jf. kommuneloven § 11-9 første ledd.

Vi minner også om at kommunestyret i et fjernmøte kan vedta at kontrollutvalget skal kunne avholde fjernmøter.”

Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær



FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post:fkt@fkt.no | Tlf.:41471166

www.fkt.no | www.twitter.com/@FKT_no www.facebook.com/FKT.no/

FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat